

Storevardsbrekka 60
5305 Florvåg telefon arbeid 55 10 48 00,privat 56 14 31 87

Eldbjørg Gunnarson
Morvikbrekkene 31
5095 Ulset tlf.55 53 11 94

Per Blomdal
Kanalveien 14
5037 Solheimsviken Telefon arbeid 55 92 64 00,
privat 55 29 98 38

Kjellaug Sandvik
Øyjordsveien 33
5035 Sandviken
telefon arbeid 55 25 65 45
telefon privat 55 25 85 62

**Upprit frå
årsmøte i Vestlandske Mållag 1998**
1 Møtet vart innleidd med allsong. Formannen

las upp fullmaktene. Han gjorde framlegg um Jon Askeland til møteskrivar.

- Marøy vart vald til ordstyrar
- Han gjorde framlegg um fylgjande fråsegnsnemnd : Olav Torheim, Kjetil Aasen og Håvard Tangen.

2 Årsmeldingi vart upplesi av formannen.

- Olav Torheim uppmoda folk um å koma med stoff til internettsidone. Han bad og um at dei som hadde e-posttilskrift sende tilskrifti si til honom.
- Jerdal gav formann vellæta for årsmeldingi og aktiviteten i laget.
- Torheim gjorde framlegg um at Sunnmøre Vestmannalag vert uppattskipa ved at Kvamsdal skipa vaksenmållag.
- Hundvin hadde fleire mindre merknader. Etterlyste tilskrifti til den nye kassastyraren.
- Hjelmtveit etterlyste namn på styremenn i laget,medlemstal og internett-tilskrift.
- Torheim sette opp tilskrifti på tavla i møteromet.
- Formannen upplyste um at medlemstalet no ligg kring 200. Formannen viste til dei styremennene som var nemnde i årsmeldingi,og understreka Svein E. Kvamsdal.

Årsmeldingi samrøystes godkjend med desse merknadene.

3 Rekneskap

Olav Urdal las upp rekneskapen for 1997. Han takka for tilliti han hadde hatt i laget når han no var ferdig med kassastyrargjerningi.

Formannen vitra um telefonutleggi som vart store pga. normaltalemålskonferansen og eit telefonmøte.

Jerdal gjorde framlegg um årsmøte på vårparten

Rekneskapen vart samrøystes vedteken.

4 Val

Formannen vart samrøystes attvald.

Helga E. Mehl og Ingebjørg Gilberg var ikkje på val, og vart attvalde. Ellen Vabø og

Svein E. Kvamsdal vart attvalde. Torolv Hustad og Terje Torgilstveit hadde bede um avløysing. Det kom framlegg på Bjørn Tormod Ringdal og Kay Morten Aarskog. Dei vart valde til nye styremenn.

Varamennene : Haldor Slettebø, Mona Stormark og Sjur Tarjei Fykse vart attvalde. Kjell Henry Knivsflå vart vald til ny varamann. Alle vali var samrøystes.

Kolbein Totland vart vald til kassastyrar utanfor styret.

Ettersynsmenn vart Frøydis Lehmann og Stein Erik Foss. Dei vart samrøystes valde. Møteskrivar Jon Askeland.

Upprit frå

årsmøte i Ivar Aasen Sambandet 1998

Formannen, Bjørn Tormod Ringdal, styrde ordet. Han refererte til skipingi av Vestlandske Mållag, og skipa årsmøtet i Ivar Aasen- Sambandet som yverordna organ av same fylkingi. Marøy yvertok som møteskrivar.

2 Formannen las upp årsmeldingi. Jostein Krokvik spurde um Ivar Aasen-Sambandet hadde hatt styremøte. Det svara han ja på. Årsmeldingi vart vedteki.

3 Rekneskap : Torolv Hustad las upp rekneskapane for 1996 og 1997. Dei vart både godkjende. Jon Askeland takka på vegner av styret for det arbeidet Torolv Hustad hadde gjort i dei år han hev vore kassastyrar for Ivar Aasen-Sambandet.

4 Val :

Bjørn Tormod Ringdal vart attvald til formann.

Bodil Haug og Hans Olav Brendberg held fram i styret, og vart attvalde. Likeeins Jon Askeland. Roar Madsen hadde bede seg fri frå styret og ny i plassen for han vart

Dag Hagen Berg.

Varamennene vart attvalde

Sigurd Sandvik

Sjur Nørstebø Moshagen

Inger Indrebø Eidissen

Håvard Tangen vart vald til ny varamann.

Kolbein Totland vart attvald til kassastyrar utanum styret. Det same vart ettersynsmennene Frøydis Lehmann og Stein Erik Foss.

Lars Bjarne Marøy, møteskrivar.

Upprit frå sams årsmøtefyrehaving i Ivar Aasen-

Sambandet og Vestlandske Mållag

Årsmøti vedtok å senda desse fråsegnene

- 1 Ei fråsegn mot anbeitetelse til Norsk Språkråd. Samrøystes vedteki.
- 2 Ei fråsegn til dei som styrer med Garborgåret. Der ein uppmodar um å fremja språket til Garborg i samband med tilskipingi. Samrøystes vedteki.
- 3 Ei fråsegn der ein uppmodar Kulturdeptet um å stryka samnorskparagrafen til Norsk Språkråd. Samrøystes vedteki
- 4 Ei fråsegn der ein uppmodar Kreditkassen i Bergen um å nytta meir nynorsk. Vedteki mot ei røyst.
- 5 Ei fråsegn som studde sjølvstendestrevet på Færøyane. Samrøystes vedteki

6 Ei fråsegn der ein uppmodar nordmenn og norske kommunar og fylkje til å gjeva pengar til å reida inn ei boksamling på historiske Reykholt på Island. Samrøystes vedteki. Fråsegnsnemndi som vart uppnemnd på årsmøtet i Vestlandske Mållag formulerar ut fråsegnene.

Årsmelding for Vestlandske Mållag 1995/1996

Heiderslagsmenn i Vestlandske Mållag er no: Ludvig Jerdal,Eigil Lehman,Alv Askeland,Harald Bolstad,Jostein Krokvik,John Revheim og Sverre Hausberg.

Stutt referat frå fyrre årsmøte.

På fyrre årsmøte var fylgjande på val og vart attvalde.Ellen Vabø,Toralf Hustad,Olav Urdal og Svein E. Kvamsdal.Ingebjørg Gilberg,Helga Mehl og Lars Bjarne Marøy var ikkje på val,men Kvamsdal vilde ha avløysing i formannsyrket og Marøy yvertok.Ingebjørg Gilberg,Helga Mehl og Lars Bjarne Marøy er soleis på val i år.Olav Breivega var møtetalar.Han tala um Austkykja i historisk tid og i dag.

Fyreteljingar på fyrre årsmøtet

Årsmøtet vedtok saman med årsmøtet i Ivar Aasen-sambandet å gjeva fylgjande fyreteljingar.Ei fyreteljing til Norsk Språkråd med uppmoding um å halda på Noreg som hovudform,ei fyreteljing til Trondheim kommune um å brigda bynamnet Trondheim til Nidaros,ei fyreteljing um stadnamn i Nordhordland og ei fyreteljing til forsvar for a-infinitiven.Fyreteljingane kom inn i Dagen og i Bergens Tidende,og vart sende til ei rad institusjonar. Ei fyreteljing mot salmerevideringane vart sett opp seinare og kom inn både i Gula Tidend og Dag og Tid.Gula Tidend gav fyreteljingi kronikkplass.I Dag og Tid kom det eit usakleg tilsvart til fyreteljingi.Formannen vilde mæla mot innsendaren,men fekk ikkje sleppa til i Dag og Tid.

Merknader

Det vart peika på at Fritz Monrad Walles fond var utegløymd i årsmeldingi.Ludvig Jerdal kritisera utetlingane av målprisar til Yngvar Hamnen og Vidar Ystad.

Tri lagsmenn er døydde i arbeidsbolken.

Erna Fjeldstad var aktiv i Bondeungdomslaget i Bergen i fleire år.Saman med mannen sin gjorde ho eit stort norskdomsarbeid.

Wilhelm Håland døydde 22 sept. i år. Han var utdana til advokat, og arbeidde som lagdommar. Han var ein mann med stor sans for kultur. Både åleine og saman med broren Arild gjorde Wilhelm Håland eit stort arbeid i kulturlivet på Vestlandet. Håland var òg rådgjevar for Vestmannalaget og Vestlandske Mållag m.a. i juridiske spørsmål.

Trine Reknes døydde i 1995. Ho var 90 år gammal då ho døydde. Reknes var aktiv i Bondeungdomslaget i dei fire fyrste åri etter siste heimskrigen. Elles var ho svært huga på målarbeid. Ho var med i Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Vestmannalaget i ei årrekka. Hjå henne hadde Vestlandske Mållag kontor i Bispensgate 1. Når me tenker på alle dei vandemåli Vestlandske Mållag hadde med å administrera målarbeidet då me var kontorlause, er det serleg grunn til å understreka kor stor idealist Trine Reknes var.

Styrearbeid i arbeidsåret

Styret var samla til møte 20 april. Møtet vart halde heima hjå formannen. Formannen greidde ut um målpolitiske utspel. Han nemnde tankane um ein Ivar Aasen-konferanse, og styret dryfte kva som skal/kann gjerast for at arkivet til VM kann takast vare på på ein tenleg måte.

Målpolitiske utspel

Vestlandske Mållag gjorde eit sjølvstendig utspel i spørsmålet um språkkloyvde lærebøker. Utspelet var svar på eit innlegg frå gymnasiastlaget som gjekk mot både lærebokordningi med språkkloyvde lærebøker og mot nynorsken ålment sett. VM gjekk mot språkkloyvde lærebøker, men uppmoda bokmålsfolk til å gå inn for at bokmålselevane les meir nynorsk. Utspelet førde med seg 11 innlegg, og VM stod for tri av deim. Dette er eit av dei lengste målpolitiske ordskifti som hev gjenge i Bergens Tidende på svært lang tid, og var trulegt gagnlegt både for målsaki og for VM.

VM retta eit åtak mot eit utspel frå formannen i Riksmålsforbundet Trond Vernegg. Vernegg vilde stydja seg til normaltalemåltilhengjarar på målvengen til å fremja meir normalmål i kringkastingi på same tid som han vilde ha mindre nynorsk og mindre dialektbruk. Formannen viste til at det var protestar frå riksmålsforbundet som førde til at Stortinget slo inn på den statsstyrde samnorskpolitikken med rettskrivingsnemnd, språknemnd og Språkråd. Me som vil ha normaltalemål på målsida gjeng ikkje inn på nokor vilkårslaus samgonga med Riksmålsforbundet slo Formannen fast. Innlegget var prenta i Bergens Tidende og Dagen.

I tillegg til dette hev formannen gjort fleire sjølvstendige utspel som berre er umveges knytt til VM. Eit innspel i ordskiftet um Noreg var prenta i Dag og Tid. Formannen fekk òg Toralv Bergwits til å skriva eit svarinnlegg mot ein kronikk Helge Sandøy hadde i BT. Dessutan forsvara formannen Vestlandske mållag i eit ordskifte som ein av bladfykane i Dag og Tid sette i gong. Formannen forsvara òg høgnorskssynet mot eit åtak frå Einar Schibevåg. Formannen hev tala mot Stadnamnekonsulenten som vil ha a-endingar i stadnamn i Nordhordland. Lindåskommune hev gjenge inn for i-endingar og målfolk lokalt hev vore opne for lokalfarga stadnamn, men det hev ikkje reist seg nokon avgjerande protest mot namneyvergredi. Elles hadde formannen ein artikkel i Gula Tidend der han kritisera dei som tek Knud Knudsen til inntekt for samnorskssaki. Formannen hev skrive fleire stykke av ymst

innhald i bladet Vestmannen. Formannen gjekk òg mot eit synspunkt i ein artikkel som Jan Terje Fårlund hadde i Dagbladet. Motlegget var prenta i Gula Tidend. Der freista formannen å peika på kor vanskelegt det er å døma yver kven som hadde størst målpolitisk gjenomslagskraft av Ivar Aasen og Knud Knudsen. Motlegget vart slege stort upp i Gula Tidend.

Personlege kontaktar og samband med Noregs Mållag

Formannen hev vore med på eit seminar som var skipa til av Noregs Mållag. Formannen vart godt motteken, og fekk markera Vestlandske Mållag, utan at han band seg opp til Noregs Mållag på noko slags vis. Formannen fekk ikkje høve til å hevda nokon fullstendig høgnorskpolitikk, men målsynet hans rådde det ingen tvil um.

Formannen hev havt samband med fleire einskildpersonar innanfor målrørsla. Dei hev m.a. gjeve han nyttige informasjonar um Noregs Mållag. Desse kontaktane hev vore uvurderlege, men utleggi til telefonen hev avgrensa dei. Serleg vil formannen understreka sambandet med Jostein Krokvik, utan Krokvik vilde mange av utspeli frå VM ha vore därlegare og mindre gjenomtenkte. Formannen var i kontakt med Ottar Grepstad som var styraren for Ivar Aasen-året inntil Einar Schibevåg løyste honom av. Både andsynes Aasen-sambandet og Grepstad hev formannen lagt fram tenkjelege tiltak i Aasen året, utan at laget sjølv hev bunde seg til noko.

Utspel som hev studd Noregs Mållag

Formannen hev studd Noregs Mållag i fleire saker. I kravet um nynorske norskbøker for vaksne innvandrarar og i kravet um skiltingi Bergen lufthamn m.m. Formannen hev skrive ein utgreidande artikkel um ordskiftet i Noregs Mållag um kva som skulde vera fyrsteprioritet uppgåva i arbeidsprogrammet til Mållaget. Artikkelen stod både i Vestmannen og Gula Tidend.

P.g.a. kunnskapsløysa kom formannen i skade for å forsvara eit utspele som gjekk på eit praktisk målkrav frå Mållaget. Utspelet hev synt seg å vera daudfødd, og formannen hev ikkje sett grunn til å klåra upp i tilhøvet avdi det kunde vekkja uturvande merksemld um saki og verka sjølvmotsegjande.

Arkivet til VM

Formannen hev samla og ordna arkivet til VM. Arkivet utgjer no lagspapir frå 1949-1995. Formannen hev byrja å skriva ei høgnorsksoga med utgangspunkt i dette rike tilfanget. Ein artikkel var alt komen med i 1994 i Vestmannen. Nye artiklar ligg fyre, og er sende m.a. til Norsk Tidend og Mål og Makt og til bladstyraren for Vestmannen. Formannen hev nytta svært lang tid på å gjera seg godt kjend med arkivet, og han hev lese godt som alt som finst av skriftlegt arkivtilfang. I tillegg til arkivet hev VM ei rad gamle målbøker m.m. som er lagra i lokal som laget hev saman med m.a. Bokreidingslaget.

Stjorn

Ålmennhistorisk og målpolitisk var utspelet frå VM um den gamalnorske bibelen Sjorn. Det var Eigil Lehman som gjorde formannen merksam på denne bibelen. Utspelet vart prenta i Dagen.BT og Gula Tidend hev ikkje prenta det. Formannen var i kontakt med Reidar Astås som hev forska på Stjorn i samband med utspelet, og Astås kunde upplysa at det ikkje var heilt utenjelegt at Stjorn kjem ut i ny og revidera utgåva. Astås hev ofra svært mykje tid på å forska i Stjorn og var glad for at merksemdi um dette verket veks. Verket skal visst vera kjend av fagfolk i Bergen både på nordisk og på historisk institutt, og formannen hev havt gleda av å ha kontakt med ein hovudfagsstudent som hev skrive hovuduppgåva um verket.

Markeringar

VM hev havt ei helsing til Gula Tidend i samband med 90-årsfeiringi til bladet og ei lysing i Vestmannen då bladet hadde minnenummer for Halldor O. Opedal.

Gode framtak

VM er glad for at Norsk Bokreidingslag og Vestmannen arbeider godt. Fritz Monrad Walles fond som Vestmannalaget varveitslar hev etla ut pengar til ymse målpolitiske tiltak. Fritz Monrad Walles fond hev fenge høgare innkomor etter at Vestmannalaget vann rettsaki mot bygslarane som betalar leiga til fondet. Vestlandske Mållag med formannen er òg serleg takksam for at Gula Tidend hev vore greide å taka inn minst two innlegg på kronikk plass framme i bladet. Dessutan tok bladet inn ein heilsides artikkel um ordskiftet i samband med arbeidsprogrammet til NM. Dette er ein studnad som me gled oss yver.

Utetling

VM hev fenge 4000 kronor frå Halldor O. Opedals fond.

Lars Bjarne Marøy, formann

ÅRSMELDING VESTLANDSKE MÅLLAG 1995-1996

Heiderslagsmenn i Vestlandske Mållag er no : Eigil Lehman,Sigurd Sandvik,Ludvig Jerdal,Jostein Krokvik,Alv Askeland,Harald Bolstad,Johs. Revheim og Sverre Hausberg.

Val : I fjar var Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg og formannen på val.Dei vart attvalde. Bjørn Tormod Ringdal vart ny varamann for Olav Bakken.

I styret no sit : Lars Bjarne Marøy,Olav Urdal,Ellen Vabø,Torolv Hustad,Ingebjørg Gilberg, Svein E. Kvamsdal og Helga Mehl.

Marøy,Urdal,Vabø,Hustad og Kvamsdal er på val i 1996.

Helga Mehl takka av som målsmann for VM til Opedalsfondet.Haldor Slettebø vart vald til ny målsmann for VM. Lars Bjarne Marøy vart ny varamann til Opedalsfondet.

Dødsfall :

I arbeidsåret er fleire lagsmenner avlidne. Dei er m.a. Olav Lavik,Svein M. Kile,Olava

Henrichsen, Halvard Foss, Knut Hvitsten var skrivar i VM frå 1964-1967. Han døydde i denne arbeidsbolken.

90-årsdag

Harald Bolstad fylte 90-år 2 mai 1996 og Ludvig Jerdal og Formannen var til stades under feiringi på Evanger aldersheim. Formannen bar fram blomehelsing til heiderslagsmannen, Bolstad.

Fråsegner

Årsmøtet vedtok ei rad fråsegner. Ei fråsegn til Ashehough forlag vart prenta nokre dagar etter årsmøtet i BA. Det hev ikkje kome noko svar frå forlaget på denne fråsegnei, trass i at det hev vore eit stort ordskifte umkring forfattaren Olav Duun. Etter det me skynar hev Otto Hageberg, Duun-biografen, stade for rettingane av språket til Duun.

Ei fråsegn um i-målet med tilvising til Indrebø og Aasen vart prenta i avisene Dagen og i Vestmannen.

Ei fråsegn um for lite nynorsk i salmeboktillegget til Norsk Kyrkjeråd vart sendt til Kyrkjerådet. Kyrkjerådet svara at alle i nemndi kjende seg som forsvararar av nynorsken og at det var andre eigenskapar ved salmane enn målformi som det måtte telja med. Dette svaret gav ikkje nokor framtidsvon um å påverka Kyrkjerådet. Me merkar oss elles at Noregs Mållag hev voner um eit tilleggsheste med nynorsksalmar jmf. årsmeldingi til NM.

Sigurd Sandvik hev skrive ein kommentar til Salmeboktillegget i bladet Vestmannen. Det hev elles vorte skriv sumt i Vestmannen um dette.

Ei fråsegn til Samlaget vart sendt. Fråsegnei galde målbruken i lærebøker, og då serleg eit forsvar for a-infinitiv i lærebökene. Samlaget svara med at dei hev 40 års tradisjon for det målet dei nyttar i lærebökene. Dei ser ingen grunn til å endra praksis. Formannen fylgde opp saki med eit langt stykkje i Gula Tidend i februar. Svar på fråsegn er elles kommentera i Vestmannen.

Ei fråsegn um ein serskild pressestudnad for nynorskpressa vart sendt til Kulturdepartementet. Departementet avviste å taka upp framlegget. I brevet kom det fram at Nynorsk Pressekontor fær 2.5 millionar kronor i statsstudnad. Dag og Tid fær ein serstudnad.

Ei fråsegn um tilnærningsparagrafen til Norsk Språkråd er so langt berre prenta i Vestmannen.

Målpolitiske utspel

Formannen for i november til Oslo på eit språkrådsseminar. På seminaret vart det lagd fram eit framlegg til endring av skrivemåten av ei rad engelske lånord. Dette framlegget måtte verta

kontroversielt, og formannen harselerte med framlegget på jolemøtet til Vestmannalaget. Diverre var det uråd for formannen å få skrive um dette fyrr ut på nyåret. I tri svært lange innlegg i Gula Tidend gjekk formannen til kvasse åtak mot Språkrådet. I two av deim var landsnamnspursmålet aktualisera. På bakgrunn av landsnamnspursmålet vart formannen intervjuet av NRK-hordaland.

I eit anna innlegg i Gula Tidend i januar/februar tok formannen upp eit målpolitisk utspel frå Trygve Bull.

Innlegget mot Trygve Bull vart prenta i Dag og Tid noko seinare.

Noko seinare på vårparten var formannen med i eit ordskifte i avis Klassekampen. Her forsvara han Aasen-normalen. Aasen-normalen er ikkje vanskeleg tilgjengeleg, og det er ikkje ei naturleg utvikling som hev ført til den sokalla moderne nynorsken, hevdar formannen m.a.

Formannen hev dessutan ordskifttest med G.P.Øksnes um kor mykje nynorsk og dialekt det er i NRK og TV 2. Det var i BA.

Aasen-konferansen

Fleire målsmenn frå Vestmannalaget og Vestlandske Mållag var til stades på Ivar Aasen-konferansen i Bergen. Formannen var utsending for Vestmannalaget, men nyttar høvet til å taka opp svaret på fråsegni til Samlaget. Formannen var elles aktivt med på konferansen med innlegg og kommentarar m.m.

Anna målpolitisk verksemd

Formannen hev sendt brev til Kulturdepartementet um å halda på landsnamnet Noreg i nynorsk.

Formannen var utsending for Norsk Målungdom på landsmøtet til Noregs Mållag i Haugesund. På landsmøtet gjorde formannen og Dag Hagen Berg framstøytar for å legalisera tradisjonell målbruk i Mållaget. Frøydis Lehman fylgte opp saki um a-infinitiv, og ho fekk vedteke ei fråsegn um at målsmennene frå NM til Språkrådet skal vera bundne av prinsippvedtak i NM. Det skal ikkje vera mogleg at målsmennene til NM gjeng inn for Norge i landsnamnsaki i framtid. Vestlandske Mållag kann elles konstatera at Noregs Mållag no er på lina med Vestlandske Mållag i spursmålet um målkloyde lærebøker. Vestlandske Mållag gjekk alt i 1994 ut mot målkloyvde lærebøker. Seinare hev NMU fylgt etter VM og no hev NM òg kome etter.

Nærradio-sendingar frå VM ?

Formannen hev fenge tilbod um sendetid på kystradioen. Vilkåret for dette er at kystradioen får utvida sendetid frå 1997. Det er uklårt kor mykje dette vil kosta, og styret hev avgrensa seg til å halda uppe ei løyving på 3600 kronor til nærradio-verksemd. Styret i VM hev etter

tilskunding frå formannen sett ned ei radionemnd med Lars Bjarne Marøy, Bjørn Tormod Ringdal og Bjørn Ivar Svindseth. Denne nemndi hev vore i eit møte med redaktøren for kystradioen, Vigleik Brekke. Nemndi hev dessutan hatt minst 3-4 samrådingsmøte. På desse samrådingsmøti hev nemndi sett opp ein plan for sendingar på kring 20 minuttar. Nemndi hev òg freista å laga ei simulert sending. Nemndi planlegg eit nytt møte med Vigleik Brekke i kystradioen på haustparten.

Eit høgnorsk studentlag

Det hev vorte skipa eit høgnorsk studentlag ved universitetet i Bergen. Laget hev fenge eigen postgirokonto og Bjørn Tormod Ringdal er vald til formann.

Høgnorskgrammatikk

Norrønalaget Bragr hev gjeve ut Norsk Grammatikk av Lars Eskeland. Heftet er i sal for 30 kronor. Vestmannalaget og Vestmannen hev sponsa noko av kostnadene utgjevingi. Heftet vart lansert av bladet Vestmannen. Norrønalaget Bragr er elles 90-årsjubilant i år. Jostein Krokvik og Lars Bjarne Marøy hev planar um å fylgja upp denne utgjevingi med å gjeva ut ei høgnorsk ordlista. Det er tenkt på 1921 utgåva av Lars Eskeland.

Lagssoga.

Formannen hev vore mykje uppteken av å skriva lagssoga til Vestlandske Mållag, og det hev ført med seg at han ikkje hev hatt høve til å markera seg meir i det målpoliitiske ordskiftet. Lagssoga kann, slik det ser ut per i dag, verta på kring hundrad sidor, og vil innehalda svært mykje ukjend målpolitisk stoff. Jostein Krokvik og K.E. Steffens hev lese manuset. Manuset treng meir arbeid og formannen vurdera å føra framstellingi fram til i dag. Det kann føra med seg ei stor utvidking av manuset. I alle fall er det sers viktig at dette stoffet vert tilgjengelegt. So lenge målsogegranskaranane ikkje hev handfaste upplysningar um målarbeidet i Vestlandske Mållag, kann dei lata vera å nemna laget og arbeidet i laget. Denne fåkunna må ikkje få haldast ved like.

Søknader

Formannen hev søkt um driftstilskot frå Kari Øpstads fond. Dessutan hev han søkt um tilskot til nærradio-verksemde og lagssogeutgjeving frå Halldor O. Opedalsfond. Det hev ikkje kome svar på desse søknadene.

Norsk Bokreidingslag

Det ser endeleg ut til at lagaret til Norsk Bokreidingslag skal verta upgradert. Bokreidingslaget hev planar um utsal frå lagaret m.m. Det er elles gledeleg at Bokreidingslaget hev auka umsetnaden. No i Aasen-året kjem Jostein Krokvik med Aasen-biografi. Ei bok som er den tridje store Aasen-biografien i år. Elles kjem Aasen-selskapet med ny utgjeving.

100-årskappleik

P.g.a. sokalla mistydingar tok det eit år fyrr Vestmannalaget kom med i fyrebuingane til 100 årsjubileumskappleiken for den første kappleiken i Noreg. Kappleiken bar til 11-13 okt. i 1996. Alle kappleiksfyrebuingane kom soleis til å verta hektiske for målsmennene til Vestmannalaget, Finn Vabø og Lars Bjarne Marøy. Men Vestmannalaget fekk markera seg m.a. ved ein kronikk i BT av Ludvig Jerdal. Bladet Vestmannen markera feiringi i september med ei helsinglista. P.g.a. at Vestmannalaget kom med i kappleksarbeidet so seint var det svært tungvint å skaffa lysingar til helsinglista. Dei fleste kommunane hadde nytta dei pengane dei hadde lysingsbudsjett for.

Vestmannen

Bladet Vestmannen gjeng godt, og det kjem jamt nye skribentar til bladet med forvitnelege innkast.

Lars Bjarne Marøy, formann Olav Urdal,

Helga Eskeland Mehl, Ingebjørg Gilberg, Ellen Vabø,

Torolv Hustad, Svein E. Kvamsdal, Bjørn Tormod Ringdal

ÅRSMELDING FOR VESTLANDSKE MÅLLAG.1996/1997.

Heiderslagsmenn i Vestlandske Mållag er no : Eigil Lehman, Sigurd Sandvik, Ludvig Jerdal, Jostein Krokvik, Alv Askeland, Harald Bolstad, Johs. Revheim og Sverre Hausberg.

Val : I fjor var Marøy, Urdal, Vabø, Hustad og Kvamsdal på val i 1996. Dei vart attvalde. Det vart attval på varamennene.

Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg og formannen er på val i år. Dessutan hev Olav Urdal bede um avløysing.

I styret no sit : Lars Bjarne Marøy,Olav Urdal,Ellen Vabø,Torolv Hustad,Ingebjørg Gilberg, Svein E. Kvamsdal og Helga Mehl.

Dødsfall :

Desse lagsmennene er avlidne i arbeidsåret : Aslaug Lehman og Kristoffer Kvamme.

Sidan fyrre årsmøtet hev styret halde two møte.

Fyreteljing til Det Norske Samlaget um å gjeva ut ei eller fleire norskboekar vart sendt til Samlaget og til fleire avisor, so langt me hev kunna røkt etter vart ho ikkje prenta nokon stad. Samlaget svara med at dei såg seg nøydde til å ha statstilskot, um dei skulde sjå seg mun i gjeva ut nokor norskboek for utlendingar.

Fyreteljingi til folk som arbeider med norsk mål vart offentleggjord i Bergens Tidende. Ho vart elles send til fleire institusjonar som arbeider med norsk mål.

Fyreteljingi til Kulturdepartementet som takka for at deptet heldt fast på landsnamnet Noreg og nekta å godtaka Norge-formi fyrebils var berre meint som ei venleg påminning til deptet. Saki hev vore lagd daud den seinste tidi. Det er elles gledeleg at Norsk Måldyrkingslag hev planar um å gjeva ut ein dokumentasjon um stoda for Noreg-namnet både historisk og i samtid. Det er alt å vinna på informera um Noreg-namnet. Dette bør i røyndi vera eit prioritert felt. Etterkvart som det kjem til nye nynorskbrukarar trengst det informasjon um Noreg-formi. Ei form som fåe eller ingen godtek utan nærare yvertyding.

Fyreteljingi til universitetet som vart vedteki på årsmøtet i fjor førde til at me fekk svar frå universitetet. Språktesten på lågare nivå ligg fyre på nynorsk, men språktesten på det høgste og avluttande nivået er berre på bokmål. Universitetet forklårar dette med at Kyrkje- og Utdaningsdeptet betalar for testane på lågare nivå, medan testen på høgste nivå er sokalla sjølvfinansierande. Fyreteljingi var prenta i Klassekampen. Formannen hev fylgt upp saki med nynorskupplæringsstilfang for utlendingar. På uppmoding frå redaktøren i studentavisa Studvest skreiv han eit innlegg på den redaksjonelle sida i bladet. Innlegget vart illustrert av ein teiknar som avisa nytta. Me hev fenge brev frå skrivarstova i Noregs Mållag. Der skriv Atle Faye og Margunn Sundfjord at departementet uttalte i budsjettframlegg for 1996 at det bør vera eit delmål at lærebøker for framandspråklege kjem ut på båe målformer. Skal ein gå vidare med saki bør ein truleg pressa på for å få departementet til å løyva dei pengane som trengst og få universitetet i Bergen til å fylgja upp.

MÅLPOLITISKE UTSPEL

På uppmoding hev formannen teke upp eit framlegg um å fremja og verna um kj-uttale i ei rad ord som i talemålet til ungdomen mange stader ser ut til å verta viska ut. Ord som kjole,kino,kjele,kjelke o.s.b. ser no ut til å verta bytt ut med uttalen skjole,skino,skjele,skjelke og det likt til at dei nye uttaleformene breider seg i ungdomstalemål. Sume stader kann det sjå ut til å sj-ljoden hev vorte mest like vanleg som kj-ljoden. Vestlandske Mållag hev bede um at departementet sender ut rundskriv der dei bed lærarane vera merksame på denne utviklingi og uppmoda ungdomen til å nytta kj-ljoden i staden for den ekspanderande sj-ljoden.Kyrkje- og Utdaningsdepartementet svarar med at det er høve til å driva slik retting innanfor dei retningslinone som finst for skulen i dag. Dette er ei sak som bør fylgjast upp med t.d. lærarorganisasjonane.

I valkampen var Vestlandske Mållag ute med eit innlegg. I innlegget uppmoda me Høgre og Frp til å segja frå um dei vil stydja kravet um at nynorske lærebøker skal koma til same tid og til same pris. Innlegget vart prenta i avis Dagen. Svarinnlegg kom det ikkje. Høgre og Frp vilde heller ikkje stella på eit møte som Vestmannalagsmedlemen Sjur Tarjei Fykse og Lars Bjarne Marøy skipa til for Studentmållaget i Bergen.

I februar gjekk Vestlandske Mållag ut med eit innlegg som gjekk sterkt i rett med dei målmennene som tukla med samnorsken først og fremst Alf Hellevik og Helge Sivertsen. Utspelet vart prenta i Bergens Tidende og Dagen. Det hadde nyhendeverde avdi avis nokre dagar i fyrevegen hadde eit uppslag um årsmøtet i Norsk Språkråd. Nokre månader seinare hadde avis ei intervju med Alf Hellevik der bladmannen freista å teikna eit svært sympatisk bilet av Hellevik. Dette førde til at Ludvig Jerdal og Håvard G. Tangen gjekk kvast i rette med Helleviks rolla. Formannen hev elles skrive eit par innlegg i Vestmannen der han gjeng nærmare inn på den rolla Hellevik spela i samnorskpolitikken. Der kjem han med dokumentasjon for kva Hellevik hev gjort som målpoltikar.

I juli hadde formannen eit langt stykke i Dag og Tid. Der han gjekk i rette med nokre tolkingar som Helge Sandøy la fram med utgangspunkt i ei bok som Lars Vikør hadde skrive på uppdrag for Norsk Språkråd. Formannen viste til at Sandøy tolka skriften onnorleis enn det var grunnlag for. M.a. var det tekstuvalet som undersøkjingi bygde på noko tvilsamt.

Formannen hev dessutan havt nær kontakt med Olav Torheim. Torheim hev markert seg sterkt i samband med dei aksjonane som Norsk Målungdom hev ført mot framlegg til ny upplæringslov som AP-riksstyret la fram. Han hev vore intervjua av Dagbladet, Nationen, Sunnmørsposten m.m. Torheim og Arne Holmin markerte seg med protestar mot Reidar Sanddal då Sanddal vitja skulen deira. Vestlandske Mållag hev elles studd Norsk Målungdom i saki um ny upplæringslov.

Torheim hev skipa Volda Målungdom som no hev 20-medlemer. Laget arbeider for ei høgnorskcreising i Volda.

Torheim er no internettandsvarleg for Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-Sambandet og resten av høgnorskrorsla. Han arbeider med heimesidor for kvar einskild samskipnad. Fyrebils hev det lege informasjon um Vestmannalaget,VM og Aasen-Sambandet på heimesidone til Volda Målungdom. Torheim hev fenge artikkeltilfang frå formannen.

Formannen hev teke aktivt del i ulike tilskipingar i Hordaland Folkeakademi og representert Vestlandske Mållag der. Dessutan hev formannen vore utsending for Studentmållaget på vinterseminaret til Noregs Mållag og på landsmøtet i Noregs Mållag og på årsmøtet i Hordaland Mållag, og fremja synsmåtane til Vestlandske Mållag so langt som det hev late seg gjera.

Formannen hev møtt fram på dugnader på lageret til Norsk Bokreidingslag. Boksalet frå lageret er no i gang, og Trygve Lande sit, og sel bør torsdagar frå klokka 16.00.-19.00.

Arbeidet med å skipa til Normaltalemålskonferanse i Bergen hev vore tidkrevjande. Formannen samarbeidde med formannen i Ivar Aasen- Sambandet um tilskipingi. Det var tidleg klårt at det måtte vera Aasen- Sambandet som stod som tilskipar. Aasen-Sambandet vart kjend etter Aasen-konferansen i 1996, og sjølve namnet femnar mykje vidare enn Vestlandske Mållag.

Men arbeidet med å skaffa fyredragshaldarar fall på formannen. Det førde med seg at det laut skrivast ei rad brev og det laut takast telefonar til tenkjelege fyredragshaldarar. Til saman vart kring 15-20 personar kontakta med fyrespurnad um fyredrag. I tillegg laut tilskipingi samordnast med ei tilskiping for Halldor O. Opedals fond. I samband med tilskipingi var det sendt ut brev til kring 300 lag og einskildpersonar med program for tilskipingi. Det vart sendt ut 3 pressemeldingar. Me hadde lysingar i Bergens Tidende og Dagen og bygdebladet Strilen. Dessutan var programmet lagd ut på internett. Formannen vart intervjuau av NRK-Hordaland. Fyrebils-program for normaltalemålskonferansen vart delt ut alt på landsmøtet i Noregs Mållag i slutten av juli, og kvar utsending fekk eit avprent.

Kring 35 personar var innum normaltalemålskonferansen. Fleire aktive debattantar frå Noregs Mållag og Norsk Målungdom var samla, og det vart lange og gode ordskifte alle tri dagane. Budsjettet for konferansen ser ut til å gå nokolunde i balanse. 20 000 kronor i utlegg må segjast å vera svært rimeleg når ein tenkjer på at dei fleste fyredragshaldarane var tilreisande. Samla vart rett nok tilskipingi noko dyrare i og med at prisvinnarane og tilstellingi for prisvinnarane vart betala av Halldor O. Opedals fond.

Vestlandske Mållag løvvde 3 000 kronor til normaltalemålskonferansen.

Det er skapa eit godt grunnlag for samarbeid um liknande tilskipingar. Formannen i Noregs Lærarmållag Gunnar Ottne inviterte Aasen-Sambandet til samarbeid um komande tilskipingar med sams interessa for både lag. Det hev kome uppmodingar um å få prenta innleggi frå normaltalemålskonferansen. Innleidingane er so pass lange at det hev vore snakk um å få prenta dei i det málpolitiske tidsskriftet Mål og Makt. Formannen arbeider no med å samla inn innleidingar, um dette arbeidet vil vera vellukka er det for tidleg å segja noko um no.

Ymse

Formannen hev arbeidt med soga til Vestlanske Mållag, men enno er manuset for uferdig til utgjeving.

Radionemndi hev ikkje makta å gjera noko m.a. p.g.a. hardt studiepress. Planane um nærradioverksemnd er skrinlagde for no.

Halldor Slettebø som er vår målsmann til Halldor O. Opedals fond var hindra frå å møta på årsmøtet i Opedalsfondet. Formannen er varamann, og møtte i staden for han.

Formannen hev havt kontakt med ein ung gut frå Sotra som skreiv til Vestmannalaget og vilde vita meir um høgnorskrørsla.

På vegner av tilskiparane av normaltalemålskonferansen er det grunn til å takka Sissel-Anny Hjelmtveit og Terje Torgilstveit. Dei gjorde ein svært viktig jobb med å taka på seg fyrefallande arbeid under normaltalemålskonferansen. Arild Olsen,nestleidar i Studentmållaget, må òg rosast. Han laga ein framifrå stilig plakat til konferansen.

Norrønalaget Bragr gav ut Norsk Ordliste av Lars Eskeland i arbeidsbolken.

LARS BJARNE MARØY

Årsmelding for Vestlandske Mållag 1998

Vestlandske Mållag hev no desse heiderslagsmennene

Sigurd Sandvik, Ludvig Jerdal, Johs. Revheim, Sverre Hausberg, Alv Askeland, Jostein Krokvik og Eigil Lehmann.

Avlidne sidan fyrré årsmøte

Ivar Kleiva, Georg Nyborg, Harald M. Bolstad og Kitty Tveiten er avlidne i arbeidsbolken.

Elles kann me nemna at two som stod laget vårt nært i målsyn ,Arthur Berg og Anne Gullestad, hev falle frå i året som hev gjenge sidan fyrré årsmøte.

Val

I fjar vart Helga Mehl og Ingebjørg Gilberg attvalde til styret.

Desse styremedlemene er på val i år. Lars Bjarne Marøy, Ellen Vabø og Torolv Hustad. Terje Torgilstveit reiser til Oslo, og tek ikkje attval.

Lagsbyggjing

Årsmøtet i 1997 slo eintydig fast at lagsbyggjing må vera prioritert sak frametter. Dette vart fylgt upp. I arbeidsbolken hev Volda og Ørsta Målungdom slutta seg til Vestlandske Mållag. Serleg viktig vart det å tryggja kontinuiteten i Volda Målungdomslag.

Formannen tala med Olav Torheim og formannen i Volda Målungdomsalg Kay Morten Aarskog um dette. Og det ser ut til at det skal lata seg gjera å få med nye aktivistar i laget. Formannen hev vore two gonger i Volda på måltilstelningar. Styret ved Ringdal, Torgilstveit og Marøy møtte fram på høgnorskdagane i Volda. Formannen samarbeidde med Olav Torheim um å skapa blæst um samlingi, og skreiv upprit til lokalavisa Møre. Håvard Tangen i høgnorskringen var hjelsam i planleggjingi. Volda Målungdom hev elles markert seg sterkt lokalt m.a. gjennom lokalavisa Møre. Dei hev dessutan skrive lesarbrev til avisor yver heile landet og havt lokale aksjonar av ymse slag. Dei hev samla sett vist seg som det mest aktive målungdomslaget i landet.

Høgnorskringen hev slutta seg til Vestlandske Mållag. Ringen hev sendt årsmelding som syner god og jamn aktivitet. Ringen hev framtil skrivande stund gjeve ut two nummer av bladet Høgnorsk Nytt. Ringen hev no kring 50 medlemer. Den flate strukturen i laget hev vorte utskift. Laget hev skipa seg formelt med interimstyre. Det vert halde formelt årsmøte og formelt skipingsmøte i Oslo 3 okt. Etterkvart som høgnorskringen fær nye medlemer i ulike delar av landet må ein vurdera å skipa lokallag med utgangspunkt i medlemsstokken.

Formannen hev samrådt seg mykje med målfolk på Voss. I skrivande stund er det uvisst um det let seg gjera å få skipa eit høgnorsklag på Voss, men alt ligg til rette for det.

Styret hev elles dryft lagsbyggjingsplanar. Og det hev vore på tale å skipa høgnorsklag på Stord og i Stryn. Formannen hev havt samband med Vincent Eye Færavaag på Stord og dryft lagsskiping med honom. Dessutan hev formannen havt samband med Ånund K. Homme i Valle i Setesdalen um lagsskiping og med Roger Dyrøy på Austlandet. Det hev òg vore tale um å få til eit høgnorsklag i Førde, men diverre let ikkje det seg gjera. Elles kann me nemna at Kvinnherad Mållag hev gjeve ut Godmenne av Jens Tvedt.

Anbeheitelse-striden

Formannen og varamennene hev arbeidt med anbeheitelse-striden. Formannen kalla saman fleire målfolk frå ymse hald til samrådingsmøtet um anbeheitelse-saki. Det var godt frammøte på two samrådingsmøte. Desse samrådingsmøti førde m.a. med seg at Vestlandske Mållag ved formannen, Bjørn Tormod Ringdal og Mona Stormark gjorde upptak til og samarbeidde med Studentmållaget um å skipa til eit ope møte um anbeheitelse-saki. Formannen sende og yverleverte språkrådspapir um anbeheitelse-saki til umlag 50 målmenn og mållag. Det førde m.a. til at det vart vedteke fleire fråsegner frå lag og einskildpersonar mot Språkrådsframlegget. Desse fråsegnene var ein viktig grunn til at årsmøtet i Norsk Språkråd vedtok å utsetja anbeheitelse-saki.

Formannen og Olav Torheim skrev eit utal av lesarbrev um anbeheitelse-saki i januar. Dei hev vore prenta i avisor yver heile landet. Trygve Lande, Sigurd Sandvik, Ludvig

Jerdal m.fl. fylgde upp og skreiv nokre innlegg. Bjørn Tormod Ringdal sende ei rad lesarbrev på telefaks til lokalpressa. Olav Torheim sende ut artiklar til umlag 45 avisor på e-post Dessutan hev artiklane vore tilgjengelege på internett.

Formannen var saman med Hans Olav Brendberg i Ivar Aasen- Sambandet på vinterseminaret til Noregs Mållag i Stavanger, og tala mot anbeheitelse-framlegget frå fagnemndi i Norsk Språkråd.

Svein E. Kvamsdal og formannen heldt innleidingar på eit møte som Volda Målungsdom skipa til på høgskulen i Volda 29 januar. Kring 15 personar i Volda-bygdi møtte alt i alt fram. Og målungdomane fekk stor fagning for det viktige møtet dei skipa til. Formannen vart intervjua av lokalbladet Møre som skreiv um møtet.

Ny kassastyrar

Ingebjørg Gilberg hev arbeidt med å få ny kassastyrar, og hev lukkast. Kolbein Totland vert ny kassastyrar.

Internett

Olav Torheim hev laga eigne heimesidor for oss på internett. Der oppmodar formannen målfolk um å dana lag og å melda seg inn i vårt fylkeslag. Olav Torheim hev òg lagt ut mange artiklar av formannen og av andre høgnorskfolk og artiklar frå Vestmannen. Torheim hev ikkje minst selt ein heil slump bøker for Norsk Bokreidingslag yver internett. Olav Torheim hev laga ei høgnorsk e-postlista. Lista hev millom 10 og 15 medlemer. Medlemene kann senda og takा imot epost frå kvarandre.

Utspel mot Olden

Elles hev Vestlandske Mållag gjenge ut mot Olden som sel drikkevatn. Olden byrja å reklamera på nynorsk, men trekte seg og gjekk yver til bokmål. I eit innlegg som var prenta i m.a. Bergens Avisen og i Sunnmørsposten gjekk formannen i rette med Olden for at dei kutta nynorsken.

Lagsbyggjing frametter

Det er tidkrevjande å byggja lag. Stor hjelp og gagn hev det vore i Gudmund Harildstad som hev havt høve til å kontakta ei rad målfolk å tilby dei medlemsskap i

høgnorskringen. Det hev vore vanskelegare å utnytta desse kontaktane og andre til å skipa nye lag i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen- Sambandet,men dette er eit arbeid som må fylgjast upp. Elles hev styret dryft å reisa rundt til folkeakademii i Hordaland å halda fyledrag um høgnorsken og Ivar Aasen- Sambandet og Vestlandske Mållag. Det må itillegg vera eit mål å få samla dei nye medlemene til ei stemna i Oslo der mange av medlemene i Høgnorskringen held til. Då kann ein lettare samråda seg beinveges med dei det gjeld. Elles vert arbeidet meir prega av rykk og napp.

Anbeheitelse-saki frametter

Norsk Språkråd kjem til å taka upp att anbeheitelse-saki i 1999 og heile nynorsknormalen skal reviderast i år 2000. Det er sers viktig at me fylgjer med i det arbeidet som vert gjort i Norsk Språkråd. Formannen hev dryft strategien dette i arbeidet med ei rad målfolk. Formannen vitja t.d. høgnorskringen i Oslo i juni,og dryfte korleis me skal arbeida i den viktige normeringssaki. Her dryfte me òg kor mykje me kunde uppnå i ordskiftet i Noregs Mållag,NM. Fleire av oss var samde um å gå so hardt ut som råd so mykje med kunde syta for at NM gjorde eit best mogleg vedtak. Arvid Langeland frå Voss Mållag hadde arbeidt ut eit framlegg som gjekk inn for å opna upp for ei rad høgnorskformer. Det vart eit utgangspunkt for ein høgnorskopposisjon. Denne opposisjonen vann eigenleg aldri fram i ordskiftet,men kunde heller ikkje ignorerast av landsmøteutsendingane.

Fleire målsmenn for Ivar Aasen- Sambandet markerte seg med innlegg som forsvara i-mål og høgnorsk på landsmøtet i Noregs Mållag. Det er enno mange i mållaget som grin på nasa av oss,men me fær òg studnad frå andre medvitne målfolk som gjerne vil ha med i-målsfolk. Formannen sende ut eit innlegg til nokre avisor på austlandet og i trøndelag som gjekk i rette med eit av vedtaksframleggi som var sett opp i normeringsordeskiftet. Innlegget vart sendt til lokalavisor og andre mindre avisor. Det er ikkje visst um det kom inn nokon stad.

Lars Bjarne Marøy,formann

Innkalling til styremøte i Vestlandske Mållag01

Eg kallar med dette inn :

**Torolv Hustad,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg,Terje Torgilstveit
og Svein E. Kvamsdal.**

og varamennene

**Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø,Mona Stormark og
Bjørn Tormod Ringdal**

Det vert halde styremøte i Vestlandske Mållag fredag **29 mai klokka 18.00.** heima hjå formannen. Dei som ikkje kann koma må gjera vel å melda frå på telefon 55 34 33 77 eller i brev til : Lars Bjarne Marøy Eliasmarken 14,5031 LAKSEVÅG.

Saker som styret/formannen m.fl. hev arbeidt med

Formannen og varamennene hev arbeidt med anbeheitelse-striden. Formannen kalla saman fleire målfolk frå ymse hald til samrådingsmøtet um anbeheitelse-saki. Det var godt frammøte på two samrådingsmøte. Upprit frå desse og andre samrådingar vart spreidde på internett. Desse samrådingsmøti førde med seg at Vestlandske Mållag ved formannen, Bjørn Tormod Ringdal og Mona Stormark gjorde upptak til og samarbeidde med Studentmållaget med å skipa til eit ope møte um anbeheitelse-saki. Språkrådspapir um anbeheitelse-saki vart send og yverlevert til umlag 50 målmenn og mållag. Det førde m.a. til at det vart vedteke fleire fråsegner frå lag og einskildpersonar mot Språkrådsframlegget.

Formannen og Olav Torheim hev skrive eit utal av lesarbrev som hev vore prenta i avisor yver heile landet. Trygve Lande, Sigurd Sandvik, Ludvig Jerdal hev òg skrive nokre innlegg.

Bjørn Tormod Ringdal hev sendt ei rad lesarbrev på telefaks til lokalpressa. Olav Torheim hev sendt ut artiklar til umlag 45 avisor på e-post Dessutan hev artiklane vore tilgjengelege på internett.

Formannen var saman med Hans Olav Brendberg i Ivar Aasen- Sambandet på vinterseminaret til Noregs Mållag i Stavanger, og tala mot anbeheitelse-framlegget frå fagnemndi i Norsk Språkråd.

-Kvamsdal og Marøy heldt innleidingar på eit møte som Volda Målungsdom skipa til på høgskulen i Volda 29 januar.

-høgnorsksamling. Bjørn Tormod Ringdal, Lars Bjarne Marøy og Terje Torgilstveit hev saman med Olav Torheim planlagt høgnorskheg i Volda. Håvard Tangen i høgnorskringen hev vore svært hjelpsam i planleggingi.

Ingebjørg Gilberg hev arbeidt med å få ny kassastyrar, og hev lukkast.

-Olav Torheim hev laga eigne heimesidor for oss på internett. Der uppmodar formannen målfolk um å dana lag og å melda seg inn i vårt fylkeslag.

Formannen hev fenge rekneskapspapir frå Olav Urdal. Alt ligg klårt til den nye kassastyraren, men det trengst eit styrevedtak for at kontofullmaki kann yverførast.

1 Upprit/gjenomgang av årsmøtet.

Årsmøtet slo eintydig fast at lagsbyggjing må vera prioritert sak frametter. Dette skal fylgjast opp jmf. sak.4. Serleg viktig vert det å tryggja kontinuiteten i Volda Målungsdomslag. Formannen hev tala med den nye formannen i Volda Målungsdomsalg Kay Morten Aarskog um dette.

2 Formell innsetjing av ny kassastyrar.

3 Høgnorskhelg i Volda. Terje Torgilstveit og Lars Bjarne Marøy reiser saman med Bjørn Tormod Ringdal til Volda der det vert ei tridagars målsamling. Marøy og Torgilstveit er fyrebils sette upp med innleidingar.

4 Målpolitiske planar. Lagsbyggjing. Umråde der det bur høgnorskmenn som me kjenner, må prioriterast. Slike umråde kann vera Stord og Voss. Det lettaste er um me kann reisa til desse stadene og få samla dei som vil vera interesserte i å stå i eit lokalt mållag. Formannen hev etter samråd med Aasen- Sambandet søkt um 10 000 kronor til lagsbyggjingsreisor.

Samrådigmenn på Voss :

Johannes Gjerdåker

Arvid Langeland

Torfinn Slettebø evt. andre

Samrådigmenn på Stord :

Vincent Eye Færavaag

A Skjæveland

+ nokre medlemer i Vestmannalaget

Kom med andre framlegg.

-Den eine varamannen vår fer til Førde og fær ny jobb der. Kann det vera aktuelt med lokallagsskiping der ? Korleis kann me nytta internett i arbeidet vidare ?

5 Økonomi. Informasjon um utlegg som laget og formannen hev havt i samband med arbeidet vårt. Og um framtidige utlogor.

6 Deling av uppgåvor i styret. Serleg viktig for oss no er det å skaffa folk som kann tenkjast å skipa lokallag i Vestlandske Mållag. Kom med framlegg. Nokon i styret må arbeida serskilt med dette. Kann me gjera utetterretta framstøytar t.d. lokalt for å få folk med oss. Kann me finna støttespelarar der. Kva med å kontakta lokale folkeakademi som kann vitjast ? Me treng å dela uppgåvone med å kontakta lag og å tilbyda deim fyredrag og program, og det må vera fleire som reiser. Målet med reisone må vera å samla samrådingsmenn i einskildbygder. Nokon må kontakta Jostein Krokvik og syta for at me fær Vestmannen med oss med oss kvar gong.

7 *ymse*

Eg helsar dykk alle velkomne til styremøtet vårt. Lars Bjarne Marøy,formann.

Styremøte i Vestlandske Mållag 29 mai 1998

Desse var kalla inn :

Torolv Hustad,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg,Terje Torgilstveit

og Svein E. Kvamsdal.

og varamennene

Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø,Mona Stormark og

Bjørn Tormod Ringdal

**Til stades Lars Bjarne Marøy, Terje Torgilstveit, Ingebjørg Gilberg og Bjørn
Tormod Ringdal.**

1 Upprit/gjenomgang av årsmøtet.

Formannen gjekk gjennom upprit frå fyrre styremøte og frå årsmøtet.

Årsmøtet slo eintydig fast at lagsbyggjing må vera prioritert sak frametter. Dette skal fylgjast opp jmf. sak.4. Serleg viktig vert det å tryggja kontinuiteten i Volda Målungsdomslag. Formannen hadde tala med den nye formannen i Volda Målungsdomslag Kay Morten Aarskog um dette.

2 Formell innsetjing av ny kassastryrar. Styret tok ved å nemna ut Kolbein Totland til ny kassastryrar.

3 Høgnorskhelg i Volda. Terje Torgilstveit og Lars Bjarne Marøy reiser saman med Bjørn Tormod Ringdal til Volda der det vert ei tridagars målsamling. Marøy og Torgilstveit er fyrebils sette upp med innleidingar. Formannen informerte um tiltaket. Det vart fastsett at styret i VM dekkjer kostnadene for Terje, Lars Bjarne og Bjørn Tormod ved reis og upphald..

4 Sak 4 og 6 på saklista vart slegne saman. Målpolitiske planar. Lagsbyggjing. Umråde der det bur høgnorskmenn som me kjenner må prioriterast. Slike umråde kann vera Stord og Voss. Det lettaste er um me kann reisa til desse stadene og få samla dei som vil vera interesserte i å stå i eit lokalt mållag. Formannen hev etter samråd med Aasen-Sambandet søkt um 10 000 kronor til lagsbyggjingsreisor.

Samrådingsmenn på Voss :

Johannes Gjerdåker

Arvid Langeland

Torfinn Slettebø evt. andre

Samrådingsmenn på Stord :

Vincent Eye Færavaag

A Skjæveland

+ nokre medlemer i Vestmannalaget

Kom med andre framlegg.

Sjur Tarjei Fykse var ikkje til stades so me fekk ikkje dryft ,um det let seg gjera å skipa eit lokallag i Førde. Men me vil halda saki varm.

Ingebjørg Gilberg vil arbeida med å finna ut um det er råd å få med seg nokon i Stryn Mållag.

Formannen kontaktar Johannes Gjerdåker. Og resten av dei frammøtte styremedlemene vil arbeida med å få skipa eit mållag på Stord saman med formannen.

Elles gjorde formannen framlegg til at me kann setja av ei veka til lagsbyggjingsfreistnader i september. Det er mange aktive lag i Hordaland Folkeakademi,og me kann halda fyredrag i nokre av dei lag i der me trur det kann vera von um å vinna tilslutnad. Det krevst likevel at heile styret er med. Me treng folk til å kontakta folkeakademii. Me treng folk til å køyra der det ikkje let seg gjera å koma fram med tog,buss eller båt. Dette må dryftast på eit styremøte tidleg i haust. Lista yver einskildlag i Hordaland Folkeakademi er vedlagd.

5 Økonomi. Informasjon um utlegg som laget og formannen hev havt i samband med arbeidet vårt. Og um framtidige utlogor. I fjar minka eiga til Vestlandske Mållag med 4 000 kr. Det meste av nedminkingi gjekk ut på ein normaltalemålskonferanse med 3 000 kr. og på eit telefonmøte som kosta 400 kr. Det var uråd å skaffa nok pengar frå anna hald for Ivar Aasen- Sambandet, og Vestlandske Mållag måtte då trø til med pengar til normaltalemålskonferansen.

Formannen informerte um lagerleiga for boklageret i Steinkjellarbakken. Leiga for tri år var på 3 350 kr. Det er i meste laget når innkomone våre berre er på 6 000 i året. I tillegg hev me utlogor på 345 kronor for ei gåva til Ludvig Jerdal og på 300 kronor til folkeakademiet. Formannen hev drege på seg fleire utlogor og turen til Volda vil kosta ein del. Det ser soleis ut til at eiga vil gå ned i år òg.

6 Nytt styremøte vart sett til fredag 21 august klokka 19.00. heima hjå Ingebjørg Gilberg i Løbergsalleen 22 vegne burtanfor endestoppet for buss nr. 6. som gjeng til Søre Skogvei. Eg bed um at styremedlemene og varamennene noterar seg 21 august og møter upp til viktige dryftingar um lagsbyggjing.

God sumar.

Lars Bjarne Marøy, formann.

Dette uppritet frå samling i Volda samsvarar for det meste med upprit i lokalbladet Møre.

Ungdom frå heile landet på høgnorsksamling

Millom 25 og 30 målungdomar og høgnorskvene var samla i Volda til høgnorsksamling i helgi. Samlingi bar til på Raudekrosshuset i Volda. Det var samla folk frå Bergen, Stavanger, Oslo, Nord-Smøla m.m. Tilskiparar var Volda-Ørsta Målungsdomslag og Vestlandske Mållag. Kurshelgi gav ei grunnleggjande upplæring i målsoga heilt frå indoeuropeisk og urnordisk og fram til det høgnorske skriftmålet. Det er heilt tydeleg ein veksande vilje millom folk til å skriva høgnorsk. Ungdomen var i fleirtal på samlingi.

Fyrste fyredragshaldar var Terje Torgilstveit. Terje Torgilstveit var heilt fersk i målpolitisk samanheng. Han hev studert norrønt grunnfag, og hev sterke interesser for arkeologi m.m.

Han viste store kunnskapar i språk heilt attende til indoeuropeisk, og gjorde jamføringar millom urnordisk og norrønt. Urnordisk hadde eit enkelt vokalsystem med mange stavingar. Norrønt utvikla fleire vokalar og kasta fleire stavingar.

Volda Målungsdom ved Arne Holmin greidde ut um regelløysa i nynorskrettskrivingi i dag. Han synte til ei rad yvertydande døme. Terje Torgilstveit synte til likskapane med

gamalnorsk, og meinte at mykje som hev 1000 års fartstid eller meir i talemålet ikkje kjem til sin rett innanfor nynorskrettskrivingi.

Håvard Tangen gav møtelyden eit yversyn yver målsoga etter 1814. Han konkluderte m.a. med at lærebøkene opererer med eit samansurium av termar. Aller helst vil dei kalla dansk mål i Noreg for norsk heilt frå 1500-talet av. Men kva tid hev dansk mål vorte norsk, og hev det i det heile vorte norsk. Dette vart ei sentralt dryftingsemne millom dei som var til stades, og mange var kritiske til at bokmålet kallar seg norsk. I beste fall er det norskdansk hevda Tangen, og det var dei fleste på samlingi samde i.

Vincent Eye Færavaag snakka um det nasjonale som grunnlag for målreisingi. I eit fyrdrag med mange gode poeng var det vel eit poeng som merkte seg ut. Færavaag synte til at det nasjonale er noko som er viktig for folk flest. For mange granskantar vert det nasjonale for einfeldt. Dei ser vidare enn til det nasjonale. Likevel er det viktig at granskaran tek seg av det nasjonale. Elles vert det nasjonale mindre serpregande millom folk flest.

Siste dagen på samlingi heldt Lars Bjarne Marøy ei innleiding um normaltalemål. Han argumenterte for eit nynorsk normaltalemål. Argumenti han synte til var at det er lettare å forstå eit nynorsk normaltalemål enn dialektane. At det er lettare å læra språket for utlendingar dersom dei fær høyra talt nynorsk. Det gjev oss ein nasjonaleinskap med eit normaltalemål. I dag nyttar ein offisiell skulenynorsk i lærebøkene, medan elevane vert upplærde i å skriva upptil talemålet sitt. Då fær me eit utal med rettskrivingar og eit utal med talemål. Likevel vil det verka samlande når folk lærer seg til å snakka nærmare upp mot nynorsken. Det mest samlande vil likevel vera å velja høgnorsken til talemålsnom.

Samlingi vart avslutta sundagen. Det var god stemning millom dei unge meiningsfrendane både under ordskifti og i kvileyktene.

Lars Bjarne Marøy

Gode Olav

Kanskje kann sumt understrekast eller strykast. Det viktigste trur eg må vera arbeidsfelti dei seinste åri til Vestlandske Mållag kjem med. Men er det plass so treng Vestlandske Mållag all den publisitet som det kann få. Det kann løna seg å lesa korrektur. Eg hev ikkje finlese alt.

VESTLANDSKE MÅLLAG

Vestlandske Mållag er fylkeslag i Ivar Aasen- Sambandet. *Laget var med i Noregs Mållag fram til 1970. Vestlandske Mållag braut sambandet med Noregs Mållag av di Vestlandske Mållag ikkje vann fram med kravet um jamstelt i-mål i nynorsk Frå 1971 av*

vart Vestlandske Mållag ein del av Ivar Aasen- Sambandet, og hev vore det sidan.

Vestlandske Mållag ynskjer å forma ut sin eigen målpolitikk når det gjeld rettskriving

utan umsyn til kva som til kvar tid vert rekna for stovereint i Noregs Mållag. I

Vestlandske Mållag hev det stødt vore framskotne personar som hev nytta høgnorsk. Med høgnorsk meiner eg eit språk som byggjer på 1917-normalen i norsk rettskriving.

Formene um, upp og burt er hovudskilje millom vanleg nynorsk og høgnorsk. Innanfor gjeldande rettskriving i dag kann ein nytta fleire høgnorske former. Ein kann skriva boki og jentor m.m. Dette målet kann ein kalla høgnorsknært til skilnad frå høgnorsken.

Vestlandske Mållag meiner at so lenge det ikkje er rom for å strida for at høgnorsken innanfor Noregs Mållag hev me ei målpolitisk rolla å spela. **Me meiner at alle lag eller einskildpersonar som vil stydja høgnorsken og som høyrer heima i Hordaland må melda seg inn både i Noregs Mållag og Ivar Aasen- Sambandet. I Vestlandske Mållag kann lag og einskildpersonar driva aktivt målarbeid innanfor rettskrivingspolitikken. Ein kann melda seg inn ved å kontakta formannen Lars Bjarne Marøy.**

So lenge Norsk Språkråd fær fara fram som dei vil, må det finnast eit korrektiv. Noregs Mållag er ein masseorganisasjon, og det vil taka tid fyrr høgnorsken eventuelt kann vertas stoverein i Noregs Mållag. Vestlanske Mållag ser det som si uppgåva å fremja den norsk målreisingi, difor meiner me det er livsavgjerande for at målrørsla skal ha sterke og varig framgang at so mange som råd er nyttar **norsk mål i skrift og i tale.**

Utspel frå Vestlandske Mållag dei siste åri

Vestlandske Mållag hev arbeidt for **a-infinitiven** og for **betre norsk i lærebøker frå**

Samlaget. Me hev sendt brev til Samlaget og uppmoda um at det vert nytta betre språk i lærebökene. Samlaget svara m.a. at dei hev hev førti års tradisjon for det språket dei nyttar i lærebökene.

Vestlandske Mållag hev arbeidt for **nynorskupplæringsstilfang for utlendingar** som

skal læra norsk. Her trengst det offentlege løyvingar frå statleg hald.

Vestlandske Mållag hev arbeidt i 60 år for å gjera folk medvitne um at **i-målet må jamstellast** med det offisielle a-målet. Språkrådet nektar å føra upp i-former som sideformer i ordlistone. Soleis hindrar dei kunnskapen og bruken av i-mål. Skal i-målet ha nokor von um å koma i meir bruk enn i dag må i-målet jamstellast. Men det er ikkje visst at det hjelper med jamstelling heller. A-infinitiven vert blokkert av Samlaget, som nektar å føra a-infinitiven upp i ordlistone.

Vestlandske Mållag hev arbeidt for **eit nynorsk normaltalemål**. Største framstøyten i dette arbeidet var ein normaltalemålskonferanse som laget skipa til saman med Ivar Aasen-Sambandet i 1997.

Norrønalaget Bragr vart uppattskipa i 1993. I styret sit no Lars Bjarne Marøy, Gunnar Gilberg og Bodil Haug. Norrønalaget Bragr som er eit av medlemslagi i Vestlandske Mållag hev gjeve ut ordlista og grammatikk som i all hovudsak fylgjer høgnorsken.

Bragr sel elles diktbøker.

Vestlandske Mållag hev arbeidt for **i-former og subsidiært for dialektformer i stadnamn i Nordhordland**. Me hev fenge stoppa dei verste framleggi fyrebils,men saki hev vorte uthala. Utspeli i saki hev ført med seg at Norhordlandskommunane hev byrja å strida for dialektformer i stadnamn. Dette er etter vårt syn betre enn a-former som ikkje høver med dialekten,men det beste er å nyttar i-former. Det er serleg ordformer med vik og øy som hev vore umdiskuterte. I dialektane heiter det øynæ og vikjæ. Men i den offisielle namnebruken hev det heitt øy og vik,jamvel um i-formene er dei formene som i røyndi hev hevd frå gamalt av. I Radøy hev kommunen fenge gjenomslag for at kommunenamnet skal stå uendra. Radøy-kommune hev klaga på at det skal heita t.d. Marøyna som ikkje hev nokor rot i talemålet på steden og som vil føra til at det vert minst tri namneformer i bruk millom bygdefolket : Marøynæ,Marøy og Marøyna. Etter vår uppfatning driv stadnamnkonsulenten psykisk terror mot bygdafolket. Me meiner at fylresegnene til stadnamnlovi klårt opnar for dialektformer,medan stadnamnkonsulenten hev hevda at ein er bunden til å nyitta skriftmålsformer. Det viktigste for oss å hindra a-former i stadnamni.

Bygdafolket avviser både i-former og a-former. A-formene er meiningslause av di dei fær ikkje fram skilnaden millom sterke og linne hokynsord. I-målet er ukjend for bygdafolket er 60 års sideformstatus. Stadnamnstriden i Nordhordland og elles i landet fær fram viktige sidor ved norsk språkpolitikk. Gjenom tilfeldige lover freistar styremaktene å få gjennom eit offisielt mål som ikkje skal tevlast fram,men tvingast fram.Ingenting skal få

hevd. Alt skal brigdast alt etter som det høver Språkrådet.

Dette er berre nokre av dei sakene me hev arbeidt med.

Hei Bjørn Tormod

Ikkje slett denne meldingi. Adressa under gjev deg meir info um Kristiandsand.

Elles hev eg lagd ved saklista til styremøtet.

Og brev til høgnorskaran.

I BREVET HEV EG eineveldig som eg er berre sett upp mi adressa til mottakarane.

Eg tykte det var det enklaste. Men du fær segja frå kva du meiner og gjera som du vil vyrde superpatron.

Kven skal me inivitera til årsmøtetalar i år du ? Kay ? Det var ein spøk,trur eg.

Kom me kommentarar på alt. Eg hev meir å gjera,so eg lyt slutta diktatorisk og rotete her.

<http://www.krs.hia.no/~sprak98/>,

Innkalling til styremøte i Vestlandske Mållag

Eg kallar med dette inn :

**Torolv Hustad,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg,Terje Torgilstveit
og Svein E. Kvamsdal.**

og varamennene

**Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø,Mona Stormark og
Bjørn Tormod Ringdal**

Innkalling til styremøte i Vestlandske Mållag

Eg viser til upprit frå fyrre styremøte. Datoen som var avtalt for styremøtet er 21 august klokka 19.00. heima hjå Ingebjørg Gilberg Løbergsalleen 22. Dei av oss som tek buss tek buss nr. 6. til endestoppen. Derfrå er det eit lite stykkje å gå.

1 upprit

2 økonomi

3 Målstemna i Kristiandsand i november

4 Høgnorskringen medlem i Vestlandske Mållag. Formannen invitert til å halda innleiding på fyrste årsmøtet deira.. Formannen bed um reisedekkjing.

5 årsmøte

6 lagsbyggjing no og frametter.

7 ymse

Gjer vel å segja frå um de ikkje kann koma
Velkomne til styremøte

Venleg helsing

Lars Bjarne

Gode høgnorskbrukar eller høgnorsksympatisør.

Striden mot Språkrådet i år var tung og for fleire av oss som stridde som hardast kosta det mykje slit å stå so hardt på. Me laut arbeida mykje, men etter at me fekk sett anbeheitelse-saki på dagsetelen i ei rad regional- og riksdekkjande avisor i Vestlandsfylki, Trøndelag og på Austlandet vart det uråd å sjå heilt burt frå denne organiserte motstanden. Når Noregs Mållag til slutt kom på bana hjelpte det til. Dessutan var det og usemja millom málrepresentane i Språkrådet. Det førde til at anbeheitelse-saki vart utsett. Saki um anbeheitelse kjem likevel uppatt i 1999. For at me skal greida å mynstra ein endå betre motstand enn sist er det viktig at nett du hjelper til !!

Me formennene i Ivar Aasen- Sambandet og Vestlandske Mållaget hev kome til at det vil vera ein lur tanke at nett du som fær dette brevet. Sender oss nokre tankar og argument mot anbeheitelse-framlegget som hev vore uppe i Språkrådet.

Me hev sett opp nokre spørsmål som me reknar det for viktig å få svar på

1 Kva meiner folk um i ulike yrkje um nynorsk og måldyrking. Kvifor er dei for anbeheitelse ?

Slike yrkje kann vera læraryrkjet, bladmannayrkjet m.v.

2 1970-talet var prega av mange politiske ordskifte der m.a. sosialismen stod langt framme på dagsetelen. Korleis vil du segja at dei ålmennpolitiske tankane som var uppe i tidi påverka synet på rettskriving, måldyrking (anbeheitelse) og språknormering ? Korleis syner dette seg i dag og korleis påverkar det ordskiftet i dag ?

3 Hev du nokon tankar um kva status norskfaget og arbeidet med norsk språk hev ute millom folk i dag.

Nokre haldepunkt i stikkordsform som sj-ljoden som breider seg i skjole, skjelke, talemåls- og bastardformer frå talemålet som spreider seg i skrift. Rettskrivingsbruk og talemålsbruk i media.

Det må vera eit mål å få laga eit notat med generelle synspunkt på språk og samfund som set anbeheitelse-saki inn i eit vidare perspektiv. Det må vera ferdig til årsmøtet i Ivar Aasen-Sambandet 17 okt.

For at dette notatet skal verta so godt som råd er. Bed me um at du sender oss nokre tankar um spørsmåli ovanfor og um andre ting som kann hjelpa oss i striden mot anbeheitelse og for måldyrking på norsk grunn.

Du lyt arbeida snøgt for at me skal koma igjenom alle svari må me ha svaret ditt i hende innan 15 september. Send svar til formannen i Vestlandske Mållag Lars Bjarne Marøy.

Venleg helsing
Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag.
Eliasmarken 14,5031 LAKSEVÅG

Innkalling til styremøte i Vestlandske Mållag

Eg kallar med dette inn :

**Torolv Hustad,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg,Terje Torgilstveit
og Svein E. Kvamsdal.**

og varamennene

**Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø,Mona Stormark og
Bjørn Tormod Ringdal**

Innkalling til styremøte i Vestlandske Mållag

Eg viser til upprit frå fyrre styremøte. Datoen som var avtalt for styremøtet er 21 august klokka 19.00. heima hjå Ingebjørg Gilberg Løbergsalleen 22. Dei av oss som tek buss tek buss nr. 6. til endestoppen. Derfrå er det eit lite stykkje å gå.

2 økonomi.

-Vestlanske Mållag slapp utlegg på turen til høgnorsdagane i Volda.

-Dekning av reiseutlegg til Voss og Stord. Elles dekning for andre lagsbyggjingsreiser

-Totland ikkje innsett.

-Telefonpengar til formannen 2000 kr. Minst 280 kr. i fastavgift.

Målkonferanse i Nidaros um engelskpåverknad m.m.. Tilskot til fomannen 700 kr. eller
noko.

3 Anbeheitelse-arbeid vitring.

Målstemna i Kristiandsand i november. Framlegg um at minst Marøy og Torgilstveit fer
og fær dekning av reiseutlegg.

4 Høgnorskringen medlem i Vestlandske Mållag. Formannen invitert til å halda
innleiding på første årsmøtet deira.. Formannen bed um reisedekkjing.

5 årsmøte

17 okt. Olav Urdal vert vitra. Rekneskapen er klår og utkast til årsmelding.

6 lagsbyggjing no og frametter.

7 ymse

Gjer vel å segja frå um de ikkje kann koma
Velkomne til styremøte

Venleg helsing

Lars Bjarne

**Innkalling til årsmøte i Vestlandske Mållag
for styremedlemer og varamenn.**

Det vert halde styremøte i Vestlandske Mållag fyrr årsmøtet.

Dvs. at styret møter fram klokka 10.00.,medan årsmøtet tek til klokka 11.00.

**Møtestad Gimle Kong Oscarsgt. andre høgdi.
dato laurdag 17 oktober.**

Styremøte i Vestlandske Mållag

Desse var kalla inn til styremøtet :

Torolv Hustad,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg,Terje Torgilstveit

og Svein E. Kvamsdal.

og varamennene

**Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø,Mona Stormark og
Bjørn Tormod Ringdal**

Terje Torgilstveit,Helga Mehl, Ingebjørg Gilberg og formannen møtte.

Styremøtet vart halde heima hjå Ingebjørg Gilberg Løbergsalleen 22.

1 upprit. Dei frammøtte hadde lese uppritet frå fyrre styremøte og var nøgd med det.

2 økonomi.

Formannen hev ikkje sett inn den nye kassastyraren Kolbein Totland,men lova å gjera det fyrr årsmøtet. Totland er ikkje med i styret avdi me ikkje visste kven som var aktuell til å sitja som kassastyrar då me hadde årsmøtet.

Formannen vitra um at Vestlanske Mållag slapp utlegg på turen til høgnorskdagane i Volda. Volda og Ørsta Målungsdomslag hadde fenge nok pengar til å dekkja reisi for Torgilstveit, Marøy og Ringdal.

Formannen planlegg lagsbyggjingsreiser, og han vil få dekning av reiseutlegg.

Styret tok ved å gjeva formannen 2000 kr. i telefonpengar. Minst 280 kr. i fastavgift.

Formannen hev ikkje teke ut telefonpengar fyrr i arbeidsåret.

3 Anbeheitelse-arbeid vitring.

Målstemna i Kristiandsand i november. Formannen vitra um ei viktig målstemna. Styret gjeng inn for at Marøy og Torgilstveit representerar Vestlandske Mållag der.

4 Høgnorskringen held formelt skipingsårsmøte 3 okt.. Formannen hev vorte invitert til

å halda innleiding på fyrste årsmøtet deira.. Formannen fekk reisedekning til denne tilskipingi.

5 årsmøte

Årsmøtet i Vestlandske Mållag vert i år halde laurdag 17 oktober. Møtestaden er Gimle i andre høgdi. Møtestart for styret vert klokka 10.00.

Olav Urdal vert vitra. Rekneskapen er klår og det same er utkast til årsmelding. Det kom upp spørsmål umkring rekneskapen som formannen vitra um. Vestlandske Mållag hev no ei eiga på umlag 15 000. P.g.a. at me må betala lagerleiga til Norsk Bokreidingslag for tri år vil inntektene langt på veg verta uppetne, og det ser ut til at eiga vil minka i år. Formannen vart oppmoda um å tryggja seg at den årlege løyvingi frå Opedalsfondet vert betala inn. Det hev vore tale um å leggja ned Kari Johanne Øpstads fond kunde formannen fortelja. I det høve hev formannen søkt Øpstadfondet um ei løyving tilliks med Vestmannalaget, Vestmannen og Norsk Bokreingslag.

Formannen refererte frå eit uferdig utkast til årsmelding. Han slo fast at arbeidet med lagsbyggjing og mot anbeheitelse-framlegget i Norsk Språkråd hev teke stordelen av tidi i arbeidsbolken.

Formannen vart oppmoda um å senda ut årsmeldingsskjema til einskildlagi i god tid fyrr årsmøtet.

6 lagsbyggjing no og frametter. I arbeidsbolken hev me fenge two nye medlemslag.

Det eine er Volda og Ørsta Målungsdomslag. Det andre er høgnorskringen.

Ingebjørg Gilberg gjorde framlegg um at me freistar å knyta til oss ein målaktivist i Stryn. Styret tykte det var ein god ide. Styret tek sikte på å halda denne målaktivisten orientert um viktige saker som me arbeider med i Vestlandske Mållag. Elles kann det vera aktuelt å senda Vestmannen og Høgnorsknytt frå Høgnorskringen til han.

Formannen hev tala med Johannes Gjerdåker um å skipa eit mållag på Voss, og det er gode voner um å få til noko der. Elles hev han vore i samband med fleire målfolk um lokallagskiping m.a. på Stord, utan at det hev ført til noko so langt.

Torgilstveit og Marøy skal vitja folkeakademii i Kvam og på Osterøy i haust.

7 Det var ingen saker under ymse.

Lars Bjarne Marøy, formann.

Dette skal vera eit bra yversyn yver utlegg og innkomor i Vestlandske Mållag i 1998. Mesteparten vil verta registrert for 1998. Pga. at kassastyraren ikkje vart sett inn i

umbodet fyrr i 1999.

Lars Bjarne Marøy

Rekneskapsyversyn

Utlegg

Lagerleiga til Norsk Bokreidingslag 3350

gåva til Ludvig Jerdal 345

mat til årsmøtet 225 kr.

møterom årsmøte 600 kr.

matutlegg i Folkeakademiet

Jerdal og formannen 300 kr.

årspengar Folkeakademiet 150 kr.

Telefonpengar 2 000

kopiar årsmøte + styrepapir +

utdeling av Språkrådspapir 820 kr.

Reis og opphold for formannen som

representant for Vestlandske Mållag

på målkonferanse i Kristiansand ca. 1917 kr.

reis til årsmøtet i Høgnorskringen 608 kr.

Lagsbyggjingstur til Høgnorskringen i Oslo 810 kr.

Bårebukett til Johannes Revheim 115 kr.

Saman med Vestmannalaget

porto m.m. 273 kr.

Samla ca. 11 000 kr.

Innkomor

Lagspengar frå høgnorskringen 510 kr.

Vestmannalaget 1250 kr.

Halsnøy Mållag 50 kr.

Kvinnherad Mållag 210 kr.

-Innkomor som skal yverførast frå Haldor O.Opedalsfond

Fast tilskot 5 000 kr.

sertilskot til lagsbyggjing 10 000 kr.

Samla ca. 17 000 kr.

Utsendingar til årsmøti i Ivar Aasen-Sambandet og Vestlandske Mållag.

Styret i Vestlandske Mållag

Lars Bjarne Marøy, Ingebjørg Gilberg, Ellen Vabø, Terje Torgilstveit, Helga E. Mehl, Svein E. Kvamsdal og Torolv Hustad

Varafolk

Sjur Tarjei Fykse, Haldor Slettebø og Mona Stormark.

Styret i Ivar Aasen- Sambandet

Jon Askeland og Bjørn Tormod Ringdal

Høgnorskringen

Jostein Krokvik, Johan A. Schulze, Dag H. Berg, Gudmund Harildstad, Kjetil Aasen, Olav Torheim, Arild T. Olsen og Håvard Tangen.

Vestmannalaget

Gunnar Gilberg, Leidulv Hundvin, Ludvig Jerdal, Kjell Henry Knivsflå, Sissel Anny Hjelmtveit

Bjarne Storheim, Anna Harrieth Bakken, Olav Bakken, Helga Hirth

Inger Indrebø Eidissen.

Norsk Bokreidingslag : Jon Askeland og Trygve Lande

Volda og Ørsta Målungsdom : Kay Morten Aarskog

Halsnøy Kloster : Sigurd Sandvik

Kvinnherad Mållag : Aslaug Eik og Helga Eskeland Mehl.

Kvinnherad Mållag

Aslaug Eik

Helga Eskeland Mehl.

Eg trur ikkje "Eli-analysen" held heilt vatn i dette stykket, men eg prøvar
å læra meg meir, m.a. ved å spyrja ut vestmenn og andre kjenningar...
Elles kann eg sjølvsgart leggja tufti ut på internetet, berre nokon fortel
meg korleides eg gjer det. Kann henda fær eg det til i morgen.
Ingen stend på
varalista fyrebils. Men eg tek upp at spursmåli mine: Kvar skal eg senda
årspengane for å vera med i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet? Kva
er kontonummeret, og kor mykje er det rødande um?

Vensam helsing Håvard.

-----Original Message-----

From: Lars Bjarne Maroey <lbmaroy@online.no>
To: umeio@online.no <umeio@online.no>
Date: 22. september 1998 10:59
Subject: Re: Re: årsmøte

Eg lyt nytta Eli-analysen.

Du må verta datafrik du òg Håvard. Kann ikkje du forstå at det handlar um
data Håvard. Kann du ikkje i det minste forstå at data er politisk. Du kann
då ikkje vera reaksjonær Håvard og meina at data er irrelevant. Håvard, er
du mot data. Halldt kjeft Håvard.

Hev du vorte kopla upp både med nei til EU-tilskrifti og Håvard-tilskrifti
er det ikkje rart. Kvifor sender du ikkje e-brev frå di eigi tilskrift
forresten ?

De skal leggja 10 kr. pr. person. Eg kjem attende med kontonr. m.m.

Eg hev for mange ting å gjera fyrebils til at eg kann setja meg grundigt inn i tuftframlegget. Eg tykkjer du skal leggja ut tuftframlegget på høgnorsklista, Håvard.
adr. er hochnorsk@listbot.com

Eg/Ludvig Jerdal vil ha namnet på utsendingane. Me må taka sikte på å torpedera gubben med å koma alle spursmåli hans i forkjøpet. Dette skal verta det beste årsmøtet på fleire år.

Det er best um Olav reiser frå Volda...

Kann du ikkje senda noko av stoffet frå Høgnorsk Nytt til Olav.
Høgnorskringen sine heimesidor treng uppdatering.

Beste helsing
Lars Bjarne.

Takk for mykje e-post, Lars Bjarne! Kvifor kjem for resten alle meldingane
>genom høgnorsklista two gonger til tilskrifti mi? Det er då til å liva
med,
>men eg greider meg med eitt næme av kvar melding.
>
>Eitt viktugt spursmål: Kor mykje skal Høgnorskringen (no: 55 lagsmenner)
>svara i avgift til Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet? Kvar skal
>pengane sendast? Gildt um du sender svar på desse spursmåli um ikkje lenge!
>(Hugs kontonummer!)
>
>Elles gjeng det so smått frametter med valnemndarbeidet i ringen. Lista med
>utsendingar til årsmøtet i Bjørgvin er fyllt upp med 8 namn. Dei skal
>veljast på årsmøtet vårt 3.10.
>
>Kva tykkjer du um tuftframlegget? Steffens vil visseleg reisa storm mot
>punktet um den danske roti til bokmålet. Som du ser, er det elles valt ei
>onnor formulering enn jamstelling millom a-mål og i-mål. Eg tykkjer me -
>eikorleis - lyt gjeva i-målet høgre status hjå oss.
>
>Eg høyrer vel frå deg!
>
>Vensam helsing Håvard.
>-----Original Message-----
>From: Lars Bjarne Maroey <lbmaroy@online.no>
>To: hochnorsk@listbot.com <hochnorsk@listbot.com>
>Date: 15. september 1998 17:50
>Subject: årsmøte

>
>
>Høgnorsklista - <http://sambandet.home.ml.org>
>
>
>
>
>Gode vener
>
>Gudmund hev nett spurd meg um årsmøtet i Ivar Aasen- Sambandet.
>
>Mange av dykk veit at årsmøtet tradisjonen tru vert i Bergen. Årsmøtet vert
>halde laurdag 17 okt. Det er vanleg praksis at me byrjar med årsmøtet i
>Vestlandske Mållag, og held fram med årsmøtet i Ivar Aasen- Sambandet.
>Møtestart klokka 11.00.
>
>Me brukar å halda fram til frami 13-14 tidi årsmøtesaker og med mat. Serleg
>vikting under årsmøtesakene må det vera å få til eit ordskifte um
>lokallagskiping.
>Deretter ordskifte um anbeheitelse som held fram i formelle former so lenge
>det er stemning for det.
>
>Eg hev spurt Arvid Langeland um å halda årsmøtefyredrag. Elles vil eg
>uppmoda alle til å leggja fram synspunkt på den anbeheitelse striden med
>stend framum. Dette vert diskusjonsemne på årsmøtet, og vonlegt kann me koma
>fram til nokre prinsipp og strategiar i arbeidet frametter.
>
>Det er berre two lag som hev sendt årsmelding so langt.
>Høgnorskringen og Volda oG øRSTA MU.
>Eg uppmodar Jon um å senda årsmelding frå Norsk Bokreidingslag.
>
>Elles reknar eg med at Vestmannalaget vil koma på plass snart.
>
>Eg vil her minna um at Høgnorskringen i praksis hev rett til å senda 8
>røysteføre folk, og so mange observatørar dei vil.
>
>UM nokon hev noko å segja til årsmøtet so kom igjen.
>Eg vonar elles at anbeheitelseordskiftet kann koma godt i gang under
>årsmøtet i Høgnorskringen 3 okt.
>
>Beste helsing
>Lars Bjarne

Styremøte i Vestlandske Mållag

De vert med dette kalla inn til styremøte i Vestlandske Mållag.

Styremøtet vart halde på Hotell Hordaheimen **15 januar klokka 19.00.**

Kay Morten Aarskog ,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg

og Svein E.Kvamsdal og Bjørn Tormod Ringdal

og varamennene

Kjell Henry Knivsflå,Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø og Mona Stormark.

Eg bed um orsaking for at denne innkallingi kjem so seint,og vonar at so mange som råd hev høve til å koma likevel.

Saklista

1 Gjenomgang av upprit frå årsmøtet m.m.

2 Gjenomgang av økonomien pr. dags dato.

3 anbeheitelsearb. og dryftingar.

3 Høgnorsksamling i Volda.

4 Lagsbyggjing.

5 ymse

Eg helsar dykk
velkomne til styremøte.

Beste helsing

Lars Bjarne Marøy

Gode Kvinnherad Sparebank

Vestlandske Mållag vil med dette beda um at kontoen vår hjå Dykk vert sletta og at pengane vert yverførde til vår konto i Kreditkassen. Kontonummeret vårt hjå dykk er 3406.67.08183 til kontonr. 6504.66.62797

Når me no avsluttar kundetilhøvet i banken Dykkar, vil me understreka at det er reint praktiske grunnar bak. Me er eit lite lag, og vil gjerne ha alle pengane våre i ein bank,slik at me kann halda godt yversyn. Me takkar for eit godt kundetilhøve,og ynskjer Dykk alt godt for framtid.

Beste helsing

For Vestlandske Mållag

Lars Bjarne Marøy,formann.

Kolbein Totland,kassastyrar.

Hei Roar

Vestlandske Mållag hadde styremøte på fredag, og me kom fram til at me skal halda fram tradisjonen med høgnorskdagar i Volda. Me vil freista å ha eit breidt program som kann trekkja ulike målgrupper. Men kjernetroppen vert NMU-høgnorskingar m.fl. umlag 10-15 av det slaget. Kann me greida å få til eit prosjekt med høgskulen vilde det vera bra. Det praktiske kann eg kanskje tala med Jardar um. Men det politiske bør klårgjerast først.

Eg hev fenge eit tips på at Sveinung Våge og Per Monsstad skal ha jobba med ting som kann ha interessa for oss. Ei kritisk tilnærming til norskfagsmonopolet, og ei opning mot andre. Her fær du ei programskissa. Eg tykkjer det er best å tenkja høgt. Eg hev sett deg inn i programmet med spyrjeteikn. Det var Håvard som ivra mest for at me burde trekkja deg inn etter utspelet ditt på høgnorsklista. Du fær segja frå um du kann tenkja deg å vera med på ei slik tilskiping. Enno er det god tid, so du treng ikkje segja noko med ein gong.

Me må naturlegvis syta for at du får dekt turvande utgifter til transport. Elles vil me satsa på lokale innleidrarar.

Eg skriv mitt i eit hektisk målprogram, so um noko er uforståeleg eller misvisande, so må du segja frå.

Best helsing Lars Bjarne

Programframlegg for høgnorskdagane 14-16 mai 1999

Fredag

18.00 Innleiding ved Kay Morten Aarskog

18.15 Bodil Haug snakkar um nynorsk song, og syner døme påsovoren.

19.00 spørsmål, kommentarar kort upphald

19.30 Peder Hallaråker. Strukturen i høgnorsk. Kvifor er høgnorsken som han er. Kva vanskår valdar ulike rettskrivingar.

Laurdag

10.00 Roar Madsen ? Høgnorsk tradisjonalisme ei kritisk tilnærming

11.00 gruppeordskifte

12.00 mat

13.00 samla ordskifte

14.00 Utflukt til Aasen-tunet

18.00. Rune Slagstad nasjonale strategar

19.00 Sveinung Våge og Per Monsstad. Nynorsk skriftkultur kva er det ?

ordskifte. Korleis kann me ha nasjonale strategar og ein nynorsk skriftkultur mot år 2000.

Etter ordskifte sosialt samvær

Sundag

10.00

Kay Morten Aarskog. Korleis skapa blæst um høgnorsken frametter Supplering etter politisk innhald elles

Eg Lars Bjarne Marøy hev lagt ut 225 kr. til mat i samband med årsmøtet i Vestlandske
Mållag 17 oktober

Lars Bjarne Marøy

Gode Kolbein Totland

Her fær du brev til bankane. Kvart brev ligg i ein konvolutt. Signerar du på kvart brev i
kvar konvolutt, skal dette vera greidt,trur eg. Elles legg eg ved kontoutskrifter for alle
bankane. Eg trur ikkje Kreditkassen hev kome enno. Når desse brevi er sende skulde
pengane verta yverførde.

Beste helsing Lars Bjarne

Tysnes Sparbank

5685 UGGDAL

Gode Tysnes Sparebank

Vestlandske Mållag vil med dette beda um at kontoen vår i Dykkar bank vert sletta og at
pengane vert yverførde til vår konto i Kreditkassen. Kontonummeret vårt hjå Dykk er:
3525.40.47951 Kontonummeret vårt i Kreditkassen er: 6504.66.62797

Når me no avsluttar kundetilhøvet i banken Dykkar vil me understreka at det er reint
praktiske grunnar bak. Me er eit lite lag, og vil gjerne ha alle pengane våre i ein bank,slik

at me kann halda godt yversyn. Me takkar for eit godt kundetilhøve. Me er serleg takksame for at De hev revidert rekneskapane våre dei seinste åri. Me ynskjer Dykk alt godt for framtidi.

Beste helsing

Lars Bjarne Marøy,formann

Kolbein Totland,kassastyrar

Gode Postbanken

Vestlandske Mållag vil med dette beda um at kontoen hjå Dykk vert sletta og at pengane vert yverførde til vår konto i Kreditkassen. Kontonummeret vårt hjå Dykk
er : **0807 5697792** **Kontonr. vårt i Kreditkassen er :6504.66.62797**

beste helsing

Lars Bjarne Marøy,formann

Kolbein Totland,kassastyrar

Styremøte i Vestlandske Mållag 15 januar

Styremøtet vart halde på Hotell Hordaheimen **klokka 19.00-21.00.**

Desse vart kalla inn til styremøtet.

Kay Morten Aarskog ,Ellen Vabø,Helga Mehl,Ingebjørg Gilberg

og Svein E.Kvamsdal og Bjørn Tormod Ringdal

og varamennene

Kjell Henry Knivsflå,Sjur Tarjei Fykse,Haldor Slettebø og Mona Stormark.

Formannen, Kay Morten Aarskog,Ingebjørg Gilberg og Ellen Vabø var til stades.

Saklista

1 Formannen gjekk gjennom uppritet frå årsmøtet. Det var dryft um ein skulde gå inn for å ha årsmøtet til våren. Styret kom fram til at me vil halda fast på skipnaden med årsmøte um hausten.

2 Gjenomgang av økonomien pr. dags dato.

Formannen informerte um at den nye kassastryraren Kolbein Totland no er formelt innsett i umberdet i Kreditkassen. Det vil verta ordna med dei andre bankane.

Formannen vart oppmoda um å introdusera den nye kassastryraren for styret ved fyrste høve. Han vart dessutan oppmoda um å leggja fram ei rekneskapskissa. Den økonomiske stoda i laget er no soleis at det hev kome inn 17 000 kr. og gjenge ut umlag 11 000 kr. I året som hev gjenge og fram til no. Laget hev no kring 20 000 kr. disponibel.

3 anbeheitelsearb. og dryftingar. Formannen vitra um at det hev vore sett i gong arbeid med å mobilisera mot anbeheitelseframlegget som venteleg vilde kome uppatt frå

fagnemndi i Norsk Språkråd. Men no ser det ut til at framlegget ikkje vil verta reist med tyngd.

4 Høgnorsksamling i Volda.

Styret sette opp følgjande skissa til høgnorsksamling i samråd med Kay Morten Aarskog a samlingi vert lagt til ein av desse datoane i prioritert rekkjefylgja 14-16 mai, 21-23 mai eller i juni.

b Aarskog fekk i uppdrag å finna stader som kann eigna seg til ei samling. Formannen røkjer etter um det evt. kann lata seg gjera å halda samlingi på høgskulen i Volda.

c Innhaldet i samlingi vart dryft. Programmet må vera fleirsidig og ikkje for turt og einsretta. Det var framlegg um ljospile og song som blæstvekkjande effektar. Aarskog og Marøy arbeider vidare med saki, og trekkjer inn dei personane som dei finn turvande.

d økonomi. Vestlandske Mållag tok ved å løyva 2 000 kronor til Volda og Ørsta Målungsdom. Pengane skal nyttast til tilskipingi. Aarskog sender søknader for Volda og Ørsta MU. Formannen sender dei lokale søknadene for Hordaland.

5 Lagsbyggjing. Formannen vitra um at han hev sendt ut skriv til medlemene i Vestmannalaget med uppmoding um at dei er kontaktpersonar til lokallagsskiping. Elles vart det tala um å gjeva ut eit lagsblad. Elles kann det vera aktuelt å senda brev til mållag og lokalpersonar, so framt dette ikkje vert uppfatta som undergravingsverksemد i høve til den meir vidgreina målrørsla.

6 Styret tok ved å senda two fråsegner. Ei fråsegn til NRK med krav um nynorskandaktar. Og ei fråsegn um meir nynorskmusikk på radioen. Musikk av folk som Lars Klevstrand, Olav Stedje, Hellbillis, Ivar Medås m.fl vart nemnde. Med treng større breidd i musikktilbodet og meir folkeleg musikk, meinte styret. Aarskog og Marøy formar ut ei fråsegn.

7 Formannen orienterte um eit møte han hadde vore på i samband med at Vestlandske Mållag leiger eit lokale saman med fleire andre lag i Steinkjellerbakken. Det er på tale at lagi no kann verta hivne ut eller i beste fall vil få ei mykje dyrare leiga. Det er på tale å løysa dei vanskane som dette vil kunna føra med seg ved at Haldor O. Opedalsfond investerer i å kjøpa det huset som leigarlagi hev lageret i. Dette må vurderast nøgje. Styret dryfte saki.

8 Nytt møte vert halde torsdag 18 mars. Nærmore melding seinare.

Lars Bjarne Marøy

Eg helsar dykk
velkomne til styremøte.

Beste helsing

Lars Bjarne Marøy

Kristian Bringedal
5463 Uskedalen

Gode Kristian

Me hev drygt med å få sett inn den nye kassastyraren i Vestlandske Mållag av ymse grunnar, men no er han innsett. Eg veit at Kvinnherad Mållag hev svara årspengar. Eg fekk melding um det i oktober, trur eg. Diverre hev eg rota burt girokopien som stadfester betalingi. No treng den nye kassastyraren dette vedlegget til rekneskapen.

Um de i Kvinnherad hev liggjande dykkar kopi, er de fint um de kann senda ein kopi til den nye kassastyraren.

Tilskrifti hans er :

Kolbein Totland

Totlandsvegen 370

5050 NESSTUN

Beste helsing

Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

Gode Kolbein

Du skal få two brev samstundes no. Eg vart uppteken med målseminar, og det fyrste brevet vart liggjande. Vonlegt fær du alle dei upplysningane du treng til å ordna med rekneskapen. Elles skriv eg til Kristian Bringedal, 5463 Uskedalen, og bed han senda avprent av innbetalingsgiroen for årspengane til Kvinnherad Mållag.

Pengane er nok betala inn i Kvinnherad Sparebank etter det eg hugsar frå årssamandrag på kontoen.

Lukka til med arbeidet

Beste helsing

Lars Bjarne

Kontonr, i Kreditkassen

6504.66.62797



Tilbakevising av grunnlaget for umframt årsmøte i Vestlandske Mållag

1 Styremøte til grunn for innkallingi av årsmøte i juni

Styret i Vestlandske Mållag hadde kalla inn til årsmøtet i Borkne 29. juni. Innkallingi var til vanlegt årsmøte som skal haldast ein gong i året.

2 Årsmøteinnkalling etter lagslovi til Vestlandske Mållag

Årsmøteinnkallingi fylgte dei kravi som lovi set. Under alle umstende var det inkje ved innkallingi som kunde påverka utfallet av årsmøtet.

Me vil dessutan få slå fast fylgjande frå bok *Foreningsrett* (1999) av Geir Woxholth:

[...] s. 256: 5.252 Ugyldighetsgrunnene

Når det gjelder prosessuell kompetansesvikt, som f. eks. mangler vedrørende innkallingsvarsel, meddelelsen av dagsorden, behandlingen av sakene på selve møtet og andre formelle feil, er det klart nok at slike kan få betydning for vedtakets gyldighet. Enhver feil vil på den annen side ikke føre til ugyldighet: Fremgår det av vedtekten at generalforsamlingen skal avholdes første fredag i november, fører det ikke til ugyldighet om styret innkaller til møte den annen fredag i denne måned. Som i selskaps- og forvaltningsretten er utgangspunktet således at saksbehandlingsfeil bare kan føre til ugyldighet om det med rimelighet kan sies at feilen kan ha virket inn på vedtaket, jf prinsippet i forvaltningsloven paragraf 41. Det må være tilstrekkelig at det er en ikke helt fjerntliggende mulighet for årsakssammenheng.

Me ser ingen årsakssamanheng millom innkallingi og utfallet av årsmøtet. Formannen i Vestmannalaget hadde hatt kontakt med alle som han mente formannen i Vestlandske Mållag skulde ha kalla inn alt 8. juni. Alle dei involverte hadde soleis høve til å koma på årsmøtet. Årsmøtet kann etter lovi vera kvar som helst på Vestlandet. Det er ikkje reglar for når årsmøtet skal haldast.

3 Fungerande styre

Vestlandske Mållag hev eit fungerande styre som vart valt på årsmøtet i juni.

4 Manglande kompetanse til umgjering av årsmøte

Skal noko gjerast um på, må det fungerande styret kontaktast. Det er ikkje gjort. Ein hev heller ikkje freista å kalla saman det gamle styret. Det er dessutan ikkje logisk samsvar millom krav um nytt årsmøte og innkalling til nytt årsmøte. I kravet heiter det at det skal kallast inn til nytt lovlegt årsmøte. I innkallingi heiter det at det vert kalla inn til umframt årsmøte.

Kravet til nytt årsmøtet er retta i eit brev som Vestmannalaget stilar i rundskriv til nokre av lagi og heiderslagsmennene. Her set Vestmannalaget seg yver styret i Vestlandske Mållag, set formannen og styret ut av kraft, og gjev Helga Mehl rolla som innsamlar av krav um nytt årsmøte. Ein burde venta at styret no vart informert um grunnlaget for nytt årsmøte fyre innkallingi vart send, men det vert ikkje styret.

5 Styret er ikkje innkallar

Innkallingi er ikkje frå styret i laget, men frå ei rad einskildpersonar. Dette er under alle umstende eit brot på lagslovi. Me kann ikkje sjå at lagslovi opnar for ein slik framgangsmåte. Me vil her få visa til Geir Woxholths *Håndbok i foreningsledelse* (1996), s. 31.

6 Kva no?

Me kann ikkje sjå at det ligg fyre noko grunnlag for noko nytt årsmøte. Rett framgangsmåte er heller ikkje fylgt.

Me viser her til Geir Woxholths bok *Foreningsrett*, s. 238:

Unnlater styret å innkalle til ordinær generalforsamling, er det et spørsmål om enkelte medlemmer, eller en gruppe, kan sette seg i styrets sted og foreta innkallingen. På samme måte kan det spørres om enkeltmedlemmer eller en gruppe kan ha kompetanse til å innkalle til ekstraordinær generalforsamling, hvor styret ikkje foretar innkalling.

I mangel av vedtektsbestemmelse kan det normalt ikke sies å foreligge noen slik adgang. Det gjelder selvsagt hvor styret handler rettmessig når det unnlater å innkalle til generalforsamling. Men også hvor styret ikke handler korrekt når innkalling unnlates, må resultatet som alminnelig regel

bli det samme. I helt ekstraordinære unntakstilfelle kan det muligens likevel antas at enkeltmedlemmer eller en gruppe vil ha en «nødkompetanse» til å foreta innkalling. I tilfelle må det være uomtvistelig nødvendig for å unngå alvorlig tap eller skade. Har foreningen revisor, vil det likevel være mest nærliggende at denne som «nøytral» part foretar innkallingen i slike tilfelle. Medlemmene kan også fremme krav for namsretten om at den fremkommer med beslutning som pålegger generalforsamlingen innkalt, jf. *Tvangsfullbyrdelsesloven* kapittel 15. Dette forutsetter naturligvis at det både kan sannsynliggjøres et forføyningskrav og forføyningsgrunn, jf. §§ 15-2 og 15-6

Me meiner på bakgrunn av Woxholths utgreiding at årsmøtet ikkje kann gjevast den kompetansen som innkollarane ynskjer. Alle vedtak som vert fatta av eit nytt årsmøte vert soleis utan vidare ugyldige på grunn av at innkollarane ikkje hadde innkallingskompetanse.

Um nokon av innkollarane ynskjer å setja seg opp mot denne syni, kann dei kontakta advokaten å Vestlandske Mållag, Tore Lunde, Chr. Michelsens gt. 2A, Postboks 394 Sentrum, 5805 BERGEN, epost: tore.lunde@kluge.no

7 Kompromissløysingar

Me som sit i det fungerande styret er viljuge til å dryfta kompromissløysingar som kann berga Vestlandske Mållag frå den vanstoda som laget no hev hamna i. Til dømes å halda eit nytt årsmøte i Bergen på nyåret i 2003 der tidlegare innvendingar vert tekne umsyn til. Men me kann ikkje godkjenna den framgangsmåten som innkollarane hev stelt seg attum. Ein kann ikkje taka snarvegar som set lovverket til organisasjonen ut av kraft.

Styret i Vestlandske Mållag

Lars Bjarne Marøy, formann

Bjørn Tormod Ringdal, skriver

Arne Holmin, styresmann

Olav Torheim, kassastyrar

Inga Ovidia Gjerstad, styresmann

Helge Liland, styresmann

Leif Rune Rong, styresmann

